



Trygge fagfolk, kloke handlingar

# ÅRSRAPPORT 2022



# innhald

<b>1. Om senteret</b>	<b>4</b>
1.1 Oppfølging av samfunnsoppdraget	9
1.2 Samarbeid med statsforvaltarane	9
1.3 Samarbeid med relevante fagmiljø	9
1.4 Regionalt samarbeid	11
1.5 Oppfølging av særlege fag- og arbeidsområde	12
<b>2. Særskilde oppgåver og satsingar</b>	<b>14</b>
2.1 Sentrale planar	18
2.2 Sentrale satsningar	26
2.3 Forebygging av selvmord og selvskading	27
2.4 Personell som har deltatt i internasjonal teneste for Norge	29
2.5 Sinnemestring – arbeid rettet mot voldsutøvere	29
2.6 Losfunksjon	29
2.7 Flyktningshelse og tvungen migrasjon	29
2.8 Forebyggende familiearbeid i eksil	30
2.9 Torturutsatte	30
2.10 Regionale tverrfaglige nettverk innen kommunalt psykisk helse- og rusarbeid	30
2.11 Bistand til tenestene i utviklingen av rusarbeidet	30
2.12 Arbeid mot krisesentertilbudet i kommunene	30
2.13 Sentrene mot incest og seksuelle overgrep (NOK/SMISO) (Bufdir)	31
2.14 TryggEst	31
2.15 Jeg vet og Snakke med barn	31
2.16 Barnevernreformen og kommunenes ansvar	32
2.17 Innspill til veilederen Sammen om mestring	34
2.18 Utarbeidelse av støttmateriell – nye læreplaner	34
2.19 Nettbasert formidling	34

# 1. Om senteret

## 2022 har på mange vis vore eit spesielt år for RVTS vest.

Koronatiltak, langtidsverknad av sjukdom og heimekontor, nullstilling og overgang til meir normal drift har satt sitt preg på senteret.

Mange rapporterer om lågare kapasitet, både eksternt og internt, og større vanskar med å få til langsiktige avtalar med tenesteapparatet. Og ikkje minst har vi opplevd at ei stor gruppe tilsette har bytta jobb.

Trass dette har senteret utvikla nye program, rydda i strategiarbeidet og for alvor gjort nytte av den strukturelle endringa internt som vart gjort i 2022. Vi har og gjennomført ei overføring av aktivitetsregistrering og prosjektstyring til interne system i Helse vest, noko som vil gjere oss meir robuste med tanke på løpande statistikk, og dermed gje oss betre oversikt over kven vi treff og kven vi ikkje har kontakt med. Sist, men ikkje minst; Senteret har fått nye tilsette som er gode og tydelege stemmer, og med brei og tung kompetanse på senteret sine fagområde. Samla gjer dette at vi kjenner oss godt rusta inn mot 2023.

### 1.0.1 Organisering

Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging, region vest (RVTS Vest) er eit tverrfagleg ressurscenter for fylka Rogaland og Vestland. Senteret driv hovudsakleg på tilskot frå helsedirektoratet, og skal hjelpe tenester i regionen med kvalitets- og kompetanseutvikling innan tema traume, kriser og beredskap, vald og seksuelle overgrep, sjølvmoordsførebygging og flyktningshelse.

RVTS vest er organisert som ein seksjon i Helse Bergen, direkte plassert i Divisjon psykisk helse, med divisjonsdirektør, Hans Olav Instefjord som næraste overordna. Sjå figur 1.


Sommaren 2021 avslutta RVTS ein større gjennomgang av organiseringa internt. Analysen i forkant gav tydeleg indikasjon om at det var behov for å ha nokre mindre, og tettare grupper i senteret, for å auke kjensla av tilhøyre. I tillegg var det tydeleg at avstanden mellom leiing og dei tilsette i mange høve blei opplevd for stor, og at mange tilsette ønskte ei tettare oppfølging og hyppigare dialog med næraste leiari.

Resultatet av gjennomgangen vart ei omlegging til 3 område; Barn og unge, Vaksen og Kommunikasjon og implementering, kvart med sin områdeleiar. Leiargruppa vart dermed endra frå 3 til 4. Ny organisering gjev rom for tettare oppfølging av dei ulike innsatsane, det er enklare å fordele dei ulike oppgåvene i tilskotsbrevet på områda og sikre framdrift og oppfølging gjennom året.

### 1.0.2 Tilsette

Senteret har tilsette med ulik fag- og profesjonsbakgrunn. 2022 var prega av høgare turnover enn vi har hatt erfaring med, og senteret fekk av den grunn 5 nye tilsette i løpet av våren. Dette har gitt ein krevjande situasjon med tanke på aktivitet og kapasitet, men rekrutteringa ser ut til å ha vore svært vellukka og har gitt oss godt kvalifiserte nye kollegaer. Ei slik stor utskifting av personale gjev og ei anledning til å gå gjennom oppgåver og prosjekt for å sikre at senteret både følgjer opp alle oppgåver i tilskotsbrevet, og at det er rette personar og rett samansetning av kompetanse som følgjer opp dei ulike oppgåvene.

Figur 2 viser oversikt over tilsette i 2022.



TILSETTE

OMRÅDE KOMMUNIKASJON OG IMPLEMENTERING	OMRÅDE BARN OG UNGE	OMRÅDE VAKSEN
Hanne Siri Austgulen, områdeleiar, pedagog, master i leining	Linda Kvalvik, områdeleiar, barnevernpedagog	Geir Olsen – nestleiar, områdeleiar, sjukepleiar
Renate Haukeland, administrasjonssekretær	Patrick O’loughlin, psykologspesialist	Venke A. Johansen, intensivsjukepleiar, Dr Polit
Sylvia Haukanes, kommunikasjonsansvarleg, master i medievitenskap, grafisk designar	Annie Norevik, psykiatrisk sjukepleiar	Reidar Thyholdt, psykolog
Dennis Havre, assistent, konsulent IKT, lyd, bilde	Chiku Ali, spesialkonsulent	Sylvi Fiskerstrand, psykologspesialist
Dag Nordanger, psykologspesialist / Dr Psychol	Steinar Hvål, psykologspesialist	May Irene Wergeland, diakon, til mars
Cristo Borrachero, digital produsent	Cathrine Eide, psykologspesialist, fram til 1. mars	Elisabeth Harnes, familierapeut
Kristin Leknes, konsulent, frå august	Beate Gauden, spesialpedagog	Åse Mattson, psykolog, til mai
	Mette Garmannslund Ekenes, psykologspesialist, frå mai	Linda Thomassen, klinisk vernepleiar, frå februar
	Astrid Mohus, psykologstudent, timetilsett frå august	Siv Hilde Berg, psykolog, PhD, frå februar
		Sanne Bach Skorpen, psykologspesialist, frå juni
		Jorunn Beate Helle, psykologspesialist, frå juni

### 1.0.3 Fagleg Profil

#### VISJON

RVTS sin visjon «Trygge fagfolk, kloke handlingar» skal omsetjast til praksis gjennom handlekraft, kunnskap, tryggleik og samhandling.

Senteret sitt fokus på tryggleik kjem til uttrykk gjennom måten vi nærmar oss oppdrag i regionen. Det er særleg tydeleg i dei langsgåande programma. Der er det alltid både ei innleiande drøfting med leiing og ressurspersonar, der tryggleik, fagleg fellesskap, konflikter og usemje er tema. Programma startar alltid med å fokusere på organisasjonskultur, for å leggje til rette for ei open dialog om korleis den einskilde teneste og dei tilsette kan utvikle eit trygt arbeidsmiljø og forbetre intern samhandling.

Visjonen har og vore ei nyttig ledestjerne for korleis vi som senter jobbar med vårt eige interne miljø. Det har vore nødvendig å utvikle eit større og tettare fellesskap, med fleire arenaer for fagleg drøfting og deling. Ny organisering som framstilt over har vore ei viktig brikke i dette arbeidet.

#### STRATEGI

2022 har òg vore ei anledning for senteret til å revidere intern strategi for korleis vi skal møte samfunnsoppdraget, og fylle vår rolle best mogleg. Gjennom heile året har det vore ein diskusjon om lokale ambisjonar, konkrete resultat på kort og halvlang sikt, og tiltak for å nå måla. All verksemd i senteret skal rammast inn i dette rammeverket.

#### KOMMUNAR OG TENESTER I VEST OPPLEVER OSS SOM EIN VIKTIG OG VARM SAMARBEIDSPARTNER

I 2022 har vi lagt vekt på å skreddarsy innsatsar i samarbeid med aktuell teneste/kommune. Det inneber at vi ikkje gjennomfører heilt like program, men tilpassar det til tenesta/kommunen sitt behov, gjerne i samarbeid med dei andre kompetansmiljøa i vest. Vårt fokus i 2023 blir å lande på kva som ligg i omgrepet «Sårbare kommunar» for oss, og omsette det til heilskapleg tilbod saman med dei andre kompetansesentera og statsforvaltarane.

#### VÅRT DIGITALE TILBOD FORBETRAR TENESTENE

Digitalisering har vore eit fast innslag på tvers av aktivitet i senteret. Det har vore bra for oss å teste ulike plattformer og arbeidsmåtar, men i 2023 er tida inne for å ha ein meir planmessig tilnærming til å sikre alle tilsette sin kompetanse, og til å ha med digitale produkt som ein naturleg del av alle nye program og prosjekt.

#### VI UTVIKLAR KUNNSKAPSBASERTE TENESTER SAMAN MED KVARANDRE, MED TENESTENE OG MED KOMPETANSESENTRA


Senteret har hatt full drift i ny organisering i eitt år, og vi jobbar med korleis samspelet mellom dei tre områda på best mogleg vis skal støtte opp under samfunnsoppdraget. Det gjeld både intern prosjektstyring, fagleg deling og utvikling, og det gjeld utvida og systematisk bruke av TANDEM i møte med tenestene.



**PÅ BILETA:**

25. og 26. januar blei første samling i planprosessen for førebyggjande planar på barn- og ungeområdet gjennomført.

Samlingane er eit samarbeid mellom Statsforvaltaren i Vestland, RKBV Vest-Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, RVTS Vest, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid- NAPHA, KORUS, KS og Vestland fylkeskommune. Tema for første samlinga var rammer for kommunalt planarbeid, kartlegging og analyse som grunnlag for vidare planprosess. Samlinga gav rom for diskusjonar og refleksjonar med gode innlegg både frå kompetansmiljøa, Statsforvaltaren og erfaringsdeling frå kommunane Luster, Vaksdal og Øygarden.





## 1.1 Oppfølging av samfunnsoppdraget

RVTS Vest har i 2022 arbeidd i tråd med føringar gitt i tilskotsbrev, løpande dialog med tilskotsgivar og i nært samarbeid med andre kompetansemiljø og tenester. RVTS møter eit breitt utval av tenester, på tvers av sektor og forvaltningsnivå. Den årlege undersøkinga til SINTEF syner at kommunane både kjenner oss og er godt nøgd med tilbodet vårt 2. Samtidig veit vi at det er ulikt i ulike tenester, og frå dialog med regionalt tenesteapparat veit vi at tenester til born, unge og familiar kjenner oss betre enn tenester til vaksne. Dette jobbar vi målretta med å rette opp, og her er dei andre kompetansesentera og Statsforvaltar viktige samarbeidspartnarar.

Korleis senteret jobbar må tilpassast formålet. Nokre tema treng bevisstgjerung og brei informasjon. Då har senteret prioritert undervisning i store grupper og opne ressursar på nettsider og i sosiale media. Andre tema treng meir djuptgåande opplæring, der kompetansekartlegging med TANDEM, og påfølgande undervisning, rettleiing og kasusdrøfting vore meir relevant. På tvers av ulike tema og behov har senteret jobba for at digitale produkt skal vere tilgjengelege, og enten støtte direkte kontakt med tenestene, eller fungere som kunnskapsplattform åleine. I del 2 vert det gjort greie for konkrete innsatsar senteret har hatt i høve dei ulike tema og områda i senteret. Det blir òg gitt ulike døme på korleis formidlingsstrategi har vore tilpassa tema og behov.

## 1.2 Samarbeid med statsforvaltarane

RVTS vest samarbeider med statsforvaltarane både på overordna strategisk nivå og i konkrete satsingar, dette er nedfelt i skriftleg forpliktande plan for regionen og for kvart av fylka.

Kvart år leggjast ein felles plan mellom Statsforvaltar og kompetansesentera om korleis felles spesifiserte oppdrag skal løysast. Dette inkluderer til dømes arbeid med snakkemedbarn.no, planarbeid i kommunane og BTI.

Samarbeidet inkluderer òg arbeid med brukarmedverknad, og RVTS Vest er del av eit brukarforum i regi av Statsforvaltaren i Rogaland.

Døme: Vi har brukt Statsforvaltarane sine kartleggingar og tilbakemeldingar frå kommunane til planlegging av innsatsane våre, og har eit tett samarbeid med Statsforvaltarane

kring det valdsførebyggande arbeidet. I 2022 reviderte og vidareutvikla vi ein digital opplæringsressurs «Trygg til handling» som eit verkemiddel kommunane kan nytte i opplæring og refleksjon kring sin innsats for å forebygge, avdekkje og følgje opp familiar som har erfaring med vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt.

## 1.3 Samarbeid med relevante fagmiljø

### SIFER

Vi har samarbeidet om å utvikle eit risikoverktøy i TryggEst prosjektet – kalla RITE /Risikovurdering i TryggEst. Vi har òg samarbeida med å implementere dette for Bufdir, gjennomført opplæring på nasjonal samling for alle TryggEst kommunane, laga eit e-læringskurs for TryggEst prosjektet og deltatt i å lage eit e-læringskurs for spesialisthelsetenesta om triage.

### HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Vi har hatt undervisning på førespurnad om fleire av senteret sine tema. Mange av oppdraga er faste oppdrag knytt til spesifikke grunn- eller vidareutdanningar. I år har vi samarbeidd med høgskulen om å utvikle eit kommunikasjonskurs for bachelor vernepleie «Samtaler med barn og unge om vald og seksuelle overgrep». Kommunikasjonskurset gjennomførast i januar 2023, Campus Sogndal og Campus Bergen. I tillegg sit vi saman i Læringsnettverk for barnevern.

### NKVTS

RVTSane inngjekk i 2022 ny samarbeidsavtale med NKVTS. Den største enkeltsatsinga frå denne avtalen er etablering av arbeidsgruppe for norsk avsnitt av ESTSS.


### HELSEFØRETAKA

RVTS Vest er en del av Helse Bergen HF og har med det ein naturleg tilgang til ulike samarbeid internt i helseføretaka i regionen. Det var til dømes naturleg at Helse Bergen HF og RVTS i 2022 samarbeida tett om å utvikle ein nettressurs for sjølvhjelp for Ukrainske flyktningar, og RVTS er fast deltakar i sosialpediatriske nettverk i deira arbeid med systematisk avdekking og oppfølging av vald og omsorgssvikt.

Vi er med i ressursgruppe for Helse Fonna si «Barn og unges helseteneste». Vi bidreg fast på Helse Fonna sin årlege fagdag om «Barn som pårørande».

**PÅ BILETA:**

Felles fagdag i Stavanger for kompetansesentra i vest.





## 1.4 Regionalt samarbeid

### KOMPETANSESENTERFORUM VEST

Leiarane for dei regionale kompetansesentera møtast månadleg for samkøyring og vidareutvikling av samarbeid. Det er utarbeida rutinar for gjensidig involvering i relevante førespurnadar frå tenestene, i tillegg er det etablert fleire regionale nettverk for oppfølging av felles oppdrag som BTI, Tidleg Inn og Rus og vald. Kompetansesenterforum har inngått avtale med eit helsefellesskap om systematisk samhandling i 2023.

Vi gjennomfører 1 felles fagdag for alle tilsette kvart år.

### PLANGRUPPA

Kompetansesenterforum har oppretta eit eiga nettverk for gjensidig læring og samkøyring rund ulike kommunale handlingsplanar. I 2023 vil gruppa, i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland, gjennomføre eit kompetanse- og inspirasjonsløft for kommunane i fylket rundt planarbeid.

### FOU FORUM

I 2022 vart felles FoU forum mellom kompetansesentera

etablert. Hensikten er å auke kommunikasjon om FoU aktivitet på tvers av sentra, og legge til rette for felles FoU aktivitet. Innretning og omfang av FoU arbeid er svært ulikt mellom sentra, så det forventast ein del arbeid med å finne rette tema og nivå. Gruppa starta i 2022 med 2 tema; Nettverksarbeid – Til kva formål er nettverk nyttig, og korleis jobbar sentra med nettverk?, og «Sårbare kommuner»- Kva legg sentra i det, kvar for seg og samla? Hensikten er å bidra til det regionale kunnskapsgrunnlaget saman med Statsforvaltar og KS, for å sikre at dei kommunane som treng oss mest får riktig oppfølging.

### KOMMUNIKASJONSFORUM VEST

Kommunikasjonsforum vest er eit forum for kommunikasjonsrådgjevarar ved kompetansesentera. Forumet samarbeider kring promotering av felles kurs og konferansar, opplæringsprogram, prosjekt og sentrale ressursar som kompetansesentera skal bygge sitt arbeid på og spreie til tenestene. I 2022 har forumet hatt månadlege møte, kor fokus har vore å få til eit godt kommunikasjonssamarbeid i vest, samt korleis jobbe saman for å bli koordinerte overfor tenestene. I forumet vert det også utveksla kommunikasjonssamarbeid kunnskap og erfaring gjennom faste fysiske samlingar 1 gong i semesteret.

## **BLI-INVOLVERT.NO**

Kompetansesentra samarbeider om nettressursen bli-involvert.no, ein ressurs om brukar- og pårørandeinvolvering for kompetansesentera. Redaksjonen består av fagrådgjevarar og kommunikasjonsrådgjevarar frå kompetansesentera, og møtast 1 gong i månaden for oppdatering av informasjon og vidareutvikling. I 2022 har redaksjonen teke kontakt med 2-3 kollegaer frå sine respektive senter, for å få tilbakemelding på brukaropplevinga av nettressursen.

Det har også vore eit samarbeidsmøte i Tromsø med redaksjonen for involvert.no, RKBU Nord sin nettressurs om barn og unge sin medverknad. Mål: Kjenne til kvarandre sitt arbeid og bli meir koordinerte overfor tenestene.

Plan for 2023 er å få erfaringskonsulent som del av redaksjonen. Redaksjonen skal også jobbe vidare med å utvikle nettressursen i tråd med tilbakemeldingar frå kollegaer og tilbakemeldingsskjema på nettsida.

## **1.5 Oppfølging av særlege fag- og arbeidsområde**

I tilskotsbrevet er det oppgitt nokre fagområde som RVTSane skal ha eit særleg ansvar for. RVTS vest løysar dette gjennom etablering av eigne prosjekt som først og fremst blir til gjennom dialog med tenesteapparatet.

### **LIVET PÅ TIMEPLANEN – EIT DØME PÅ SYSTEMATISK ARBEID MED FØREBYGGING AV SJØLVMORD**

Livet på timeplanen – skuleprogram som aukar dei vaksne i skulen sin kompetanse, sensitivitet og trygghet i møte med sjølvmonds – og sjølvskadingsåtferd hos elevane. Livet på Timeplanen er eit samarbeid mellom RVTS Vest og RKBU Vest.

Programmet er gjennomført for alle skulane i Askvoll og Fjaler kommunar, samt vidaregåande skular i desse kommunane.

Bergen kommune har tidlegare implementer programmet i sine barne- og ungdomsskular, samt i vidaregåande skular i Bergen. I 2022 har vi køyrt opplæring for nye ressurspersonar i kommunen.

Alle skulane har no ressurspersonar som brukar sin kursleiarkompetanse i Portnerkurset for å gje resten av dei tilsette ei 7 timars opplæring om sjølvmondsførebygging.

Livet på timeplanen har følgjeforskning i regi av Norce (RKBU Vest).

### **ICDP – EIN METODE FOR STØTTE AV FORELDRESKAP I FLYKTNINGFAMILIAR**

I 2022 har RVTS vest halde rettleiarkurs i Bergen og Voss, samt for IMDI, til landets Integrerings- og

flyktningkonsulentar som arbeider på Introduksjonssenter for Integrering og inkludering.

### **TRAUMEBEHANDLING I VEST – SYSTEMATISK ARBEID MED TRAUMEBEHANDLING, SAMHANDLING OG PASIENT-FLYT**

I 2022 har vi hatt eit samarbeid med Klinikk for Krisepsykologi i Bergen, og har arrangert vidareutdanning i «Kronisk traumatisering og Traumerelatert dissosiasjon». Dette er eit grunnkurs i forståing og behandling av komplekse dissosiative lidningar, basert på Ellers Nijenhuis si behandlingstilnærming: «Enactive Trauma Therapy». Kurset vert halde av psykologspesialistane Arne Blindheim og Marianne Straume, og inneberer fire 3-dagers samlingar fordelt over 1 år. Interesse har vore stor for kurset, og vi har venteliste. Vi tek inn om lag 30 deltakarar på kvart kurs, og planlegg ny oppstart våren 2024. Deltakarane kjem frå heile landet.

RVTS Vest har tilbudd det langsgåande programmet «Traumebehandling i Vest» sidan 2014. Etter pandemien har dette programmet gjennomgått ein revisjon, og leverast no i ny og forbedra utgåve. «Traumebehandling i Vest» er eit kompetanseprogram for alle seksjonane ved ein heil DPS, saman med dei tilhøyrande kommunale tenestene innan psykisk helse og rus. Innhaldet rettar seg mot forståing og behandling av PTSD, komplekse traumelidningar og dissosiasjon. Programmet legg vekt på tverrfagleg tilnærming, og eit sentralt mål er å styrke samarbeidet i krevjande saker. Programmet har vore godt evaluert i alle år, og TANDEM vert brukt for å samanlikne kompetanse før og etter gjennomføring.

Hausten 2022 starta programmet opp i ny versjon ved Betanien DPS i Helse Bergen HF, og med alle de kommunale samarbeidspartnarane inkludert er det totalt 160 deltakare. Det er DPS som står for alt det praktiske, og deltek aktivt i planlegging og gjennomføring. RVTS Vest er særleg opptatt av å kople inn leiargruppa på eit tidleg tidspunkt, for å sikre ein god implementering både fagleg og organisatorisk.

### **KONSULTASJONSTEAM – KOMMUNAL SAMHANDLING FOR AVDEKKING AV VALD OG OVERGREP**

I 2022 har vi revidert arbeidet med konsultasjonsteam om vald og seksuelle overgrep. Vi har sett på korleis vi framover skal støtte kommunar som anten har konsultasjonsteam, eller som ynskjer å opprette konsultasjonsteam. Vi har oppretta ei ny nettside der ein finn informasjon om planlegging, oppretting og vedlikehald av konsultasjonsteam. Vi har òg produsert ein informasjonsfilm som blei lansert på RVTS sin jubileumskonferanse i desember.

I 2022 har vi gjennomført opplæring/oppfriskingsdag for nye medlemmar i konsultasjonsteam i Vestland, og planlegg ein tilsvarande dag i Rogaland våren 2023. Vi har faste koordinatorsamlingar samt ein fast fagdag i året for alle medlemmer i konsultasjonsteam i regionen. Vi kjem framleis

#### PÅ BILETA (T.V)

Øvst: Undervisning for helsesjukepleiarar i Askvoll og Fjaler. Nedst: Undervisning i samband med Livet på timeplanen, for lærarar i Askvoll og Fjaler.



#### PÅ BILETE (T.H)

Undervisning i samband med Livet på timeplanen, for helsesjukepleiarar i Bergensskulen. Tema var sjølv-mord som fenomen, sjølvskading, barn og unge som etterlatte, skadelege sosiale media og traume.



til å hjelpe kommunar med planlegging, oppretting og opplæring av nye konsultasjonsteam.

#### AMT – KOMPETANSEUTVIKLING OM VALD OG SJØLV-MORD HOS ELDRE

I 2022 har vi gjennomført kompetanseheving på 7 dagar for ei ressursgruppe i Bergen kommune, som skal ha ansvar for å halde internundervisning på sjukeheimar og innan heimesjukepleie. Tema er sjølv-mordsforebygging blant eldre og vald mot eldre.

#### TBO BERGEN RØDE KORS – TILPASSA PROGRAM FOR FRIVILLIGE

RVTS Vest har ei TBO opplæring med Bergen Røde Kors. Opplæringa består av 6 fagdagar og 2 rettleiingsdagar, og sluttførast våren 2023. Dette er eit døme på korleis RVTS vest tilpassar

modellar på tvers av organisasjonar, og prøver ut korleis kompetanseutvikling kan sjå ut i ulike organisasjonar.

#### TRYGG TIL TRYGGEST

RVTS vest har starta opp kompetanseløp for Øygarden og Askøy kommunar i samband med deira oppstart av TryggEst. Fokus er dels på teammedlemmene og dels på resten av tenestene i respektive kommunar. Alle fagdagar har vore todelt, ein digital del der alle tenestene vert invitert inn, og ein digital del berre for teama. Sluttførast i 2023.



#### PÅ BILETE:

I samarbeid med Klinik for krisepsykologi arrangerte vi ei kursrekke om kronisk traumatisering og traumerelatert dissosiasjon. 30 fagpersonar fekk auka kunnskap og forståelse for behandling av omfattande traumatiserte menneske. F. v: Arne Blindheim (SFK), Sylvi R. Fiskerstrand (RVTS Vest) og Marianne Straume (SFK).

## 2. Særskilde oppgåver og satsingar

I tillegg til dei generelle oppgåvene og føringane for senteret gitt i samfunnsoppdraget, har RVTS ei rekke konkrete og spesifiserte oppgåver spesifisert i tilskotsbrevet.

Oppgåvene er varierende i omfang og detaljnivå, og nokre av dei har øymerka midlar knytt til seg. Det er ikkje rom for å leggje like mykje ressursar i alle oppgåvene, men RVTS vest prioriterer oppgåver med øymerka midlar øvst, deretter andre spesifiserte oppgåver og satsingar, og til slutt oppgåver som berre er knytt til samfunnsoppdraget. Dette vert i nokre tilfelle justert, til dømes vil oppgåver knytt til senteret si rolle i nasjonal helseberedskapsplan (pkt 2.1.9) i akutte situasjonar gå føre andre planlagde oppgåver. I 2022 blei mange justeringar gjort på grunn av Ukrainakrisa. I tillegg får nokre oppgåver høgare prioritet fordi samhandlinga med dei andre kompetansesentera og statsforvaltarembeta er avhengig av det. Gode dømer på det er «Tidlig inn», «Rus og vald», og det regionale arbeidet med FACT-ung.

Ei utdjujing av korleis senteret jobbar finns under 1.1 Samfunnsoppdraget og 1.5 Oppfølging av særlege fag- og arbeidsområde.

### 2.0 Oppgåver med særskild øymerking, utan nummerering i tilskotsbrevet

RVTS Vest fekk i 2022 midlar i tillegg til ordinært tilskot til drift for å løyse nokre særlege oppgåver.

#### 2.0.1 Oppfølging etter korona

Det er forventa at behov for psykososial støtte etter pandemien vil vare vesentleg lenger enn smitteverntiltaka, kanskje fleire år etter pandemien. Mange rapportar peikar på at ei rekkje symptom som utmatting, slappheit etter anstrenging og vanskar med hukommelse og konsentrasjon, kan vare i lang tid etter covid-19 (FHI, helsedirektoratet, Bufdir, psykososialberedskap.no, NKVTS). Fagpersonar innan tenester som har hatt eit særskilt ansvar for ulike grupper og som framleis vil bære dette vidare under gjenopninga treng psykososial oppfølging og ivaretaking. Ei rekkje tiltak, som eit trygt arbeidsmiljø, kollegastøtte, god leiing og rettleiing kan

førebygge eller dempe slike tilstandar. Det er òg viktig at kvar enkelt tek godt vare på seg sjølv.

RVTS vest forventar stort press på fleire tenester over tid, og har forsøkt å prioritere følgjande tenester: skular og barnehagar, spesialisthelseteneste og sjukeheimstenester samt fagpersonar som driv med kriseleiing.

#### SKULAR OG BARNEHAGAR

Skular og barnehagar meldte inn økt trong for konflikthandtering – vi inviterte til kurs i SABONA metoden for konfliktløsning. Grunna kort tidsfrist og ei generell tilbagemelding om mangel på overskot til å gjennomføre ei slik omfattande opplæring, lukkast vi ikkje med denne delen av prosjektet.

#### SJUKEHEIMAR

Ved kontakt med tenester for sjukeheimar vart det peikt på at tenestene er i ferd med å bli utmatta og på veg mot utstrekkt fatigue-problematikk. Dette kom fram mellom anna på webinar vi heldt for alle leiarane på dei 32 kommunale og private sjukeheimane i Bergen. For å motverke dette, utvikla RVTS Vest eit mottiltak i form av ein gruppesamtale med eit bevisst positivt fokus, som vi kallar ein «+PRAT». Dette vart pilotert ved hjelp av ei gruppe leiarar og rådgjevarar frå etat for sjukeheimar i Bergen kommune. Tilbakemeldinga frå Bergen kommune var at dei hadde veldig god nytte av både teori og rollespel, og at leiarane opplevde det nyttig og relevant. Kommunen er no i prosess på å finne ein måte å implementere dette på i alle einingane.

#### SPESIALISTHELSETENESTE

RVTS fekk i 2022 fleire førespurnader frå spesialisthelsetenesta om å bidra med grupperettleiing for å førebygge og redusere langvarige reaksjonar som kan prege fagpersonar, slik som utbrentheit og utmattingssyndrom. Derfor utvikla og gjennomførte vi eit 3-dagers program om prosessrettleiing på akuttavdelingar i spesialisthelsetenesta, med deltakare frå helseføretak i vest, midt og nord. Målsettinga var å gje motiverte ressurspersonar i spesialisthelsetenesta, eller andre relevante fagpersonar, til å få eit grunnlag for å starte med prosessrettleiing av kollegagrupper.

#### INFORMASJON OM SENTRA

Kontakten med tenesteapparatet har også ført til ei forståing av at det har vore litt forvirrande kva dei ulike kompetansesentera kan bidra med i tida etter korona. Vi kopla derfor arbeidet med gjenopning på eit pågåande prosjekt om samarbeid i regionen mellom Korus, RVTS, RKBU og NAPHA. Dette resulterte i produksjon av to filmar som vi tenker vil auke forståing og tilgjenge av sentra i regionen.

Tiltaka blir samla på ei eiga ressurside under RVTS Vest, der vil og finnast ein funksjon for førespurnadar knytt til eit eller fleire av tiltaka.

## 2.0.2 Sjølvmoordsførebygging samisk kontekst

RVTS vest tok i 2021 initiativ til eit samarbeid med RVTS midt, RVTS nord, VIVAT og SANKS om ei utprøving av ein samisk avatar til hjelp i sjølvmoordsførebygging. Det har vore fleire samlingar og diskusjonar knytt til dette frem til våren 2022, inkludert drøfting med relevante brukarorganisasjonar. Våren 2022 vart det konkludert med at dette ikkje var rette tiltak per i dag, og samarbeidet vart avslutta.

## 2.0.3 Ukraina

Krigen i Ukraina endra prioriteringane i RVTS vest. Situasjonen har gitt ekstraordinær aktivitet på flyktningfeltet; Nasjonal arbeidsgruppe mot seksualisert vald i krig og konflikt, ekstraordinær oppfølging av tenester i regionen, produksjon av ei sjølvhjelpsressurs på nett, produksjon av ressursfilmar om arbeid med flyktningar og oppstart av eit arbeid for frivillige som jobbar med flyktningar.

### NASJONAL ARBEIDSGRUPPE SEKSUELLE OVERGREP OG VALD I KRIG OG KONFLIKT (SVKK)

RVTS nord hadde mykje arbeid og materiell på dette tema frå før, men i 2022 kopla RVTS vest og dei andre seg på dette. Det blei planlagt eit to-dagarseminar om tenestene sitt møte med utsette for seksuell vald og overgrep, med eit særleg blikk på seksualisert vald i krig og konflikt. Målgruppene var krisesentera, overgrepsmottaka og NOK sentera saman med BufDir og dei andre RVTSane.

### OPPFØLGING REGIONALT

Tilstrøyminga av nye flyktningar har ført til ekstra oppfølging til tenester som mottek flyktningar. Det gjeld både med omsyn til flyktningar frå Ukraina, og med omsyn til flyktningar som allereie var i Norge frå før, og som fekk triggja problemstillingar i ny situasjon. RVTS har dessutan løfta ein problemstilling med bekymring for unge frivillige som gjer en innsats ved grensa mellom Polen og Ukraina. Det blei sendt ei bekymringsmelding til Helsedirektoratet og dei andre RVTSane. Meldinga blei skriva etter førespurnadar frå veteranar i region vest som bidrar med frivillig innsats.

### UTVIKLING AV KOMPETANSEMODULAR:

Barnehage og skule: «Fra flukt til fellesskap»: 10 filmar/ nettside

DNT: «Vi vil du skal vare/ naturen som inkluderingsarena»  
Planlegging av kursrekke for frivillige i Stavanger turistforening/arbeidspraksis.

### NETTBASERT SJØLVHJELPSVERKTØY

Fagleg bistand til Helse Bergen i utvikling av sjølvhjelpsressurs for flyktningar. I første omgang er den produsert på norsk, ukrainsk og russisk, men det er full opning for å lage versjonar for andre språk og grupper av flyktningar.

### FRIVILLIGE SOM JOBBAR MED FLYKTNINGAR

Hausten 2022 utarbeida vi, i samarbeid med DNT og Kirkens bymisjon, ei oversikt over kva dilemma frivillige møter i arbeid med flyktningar. På bakgrunn av dette er det utarbeida ei skisse til kompetanseressurs, den er planlagt

ferdigprodusert til sommaren 2023

## 2.0.4 TANDEM

TANDEM (Trauma and development education monitor) er eit standardisert og validert kartleggingsverktøy som måler traumekompetanse, utvikla av RVTSane med vest som prosjektleiar og eigar. NKVTS, Østbyttunet og Statens barnehus har og bidratt i utviklinga av verktøyet. Det fyllast ut før og etter eit kompetanseprogram, slik at ein kan måle læringsutbyttet. Det registrerast også informasjon om deltakergruppa og programmets omfang og innhald, slik at ein kan undersøke kva som verkar best, og for kven.

TANDEM vart ferdigstilt i 2021, og i løpet av 2022 har alle RVTSane tatt det i bruk. OsloMet og Bufetat øst har blitt partnerar og kan nytte verktøyet. Ei viktig utvikling i 2022 er at TANDEM har blitt sett opp på ein eigen plattform og med sin eigen portal, [www.tndm.no](http://www.tndm.no). Dermed er vi no uavhengige av eksterne leverandørar og servere. Dette arbeidet vart utført i samarbeid med RVTS sør.

Nasjonalt har TANDEM i 2022 blitt nytta i totalt 76 ulike samanhengar (program for enkelttenester eller for heile sektorar i en kommune), og det er samla inn data frå over 3000 programdeltakarar.


Ved RVTS vest har TANDEM i 2022 vore brukt i åtte større kompetanseprogram i samarbeid med mellom andre BURA Stavanger, CRUX oppfølgings- og oppvekstsenter frå heile landet, NOK sentera i region vest, Røde Kors Bergen, Barne- og ungdomsskular i Askøy, og alle seksjonar ved ein DPS i Bergen. Dette utgjer data frå over 700 programdeltakarar.

Resultata viser at alle kompetanseprogramma ved RVTS vest har gitt ei signifikant auke i traumekompetanse, slik det er målt med TANDEM. Ved RVTS vest er det etablert en «TANDEM internforum». Her blir resultata frå de ulike programma analysert og drøfta med omsyn til kva dei betyr for korleis kompetanseprogram bør utformast og differensierast i forhold ulike tenester og målgrupper framover.

RVTS leiar også «TANDEM nasjonalforum», som er ein nasjonal møteplass for alle som nyttar verktøyet. TANDEM nasjonalforum har hatt seks digitale og eit fysisk møte i 2022. Hensikta med TANDEM nasjonalforum er å bidra til nasjonal koordinering og harmonisering av kompetansearbeidet på feltet. Ei målsetting på sikt er å kunne utnytte det store potensialet som ligg i instrument gjennom nasjonale prosjekt og implementeringsforskning på feltet.

### PROSJEKTSTYRINGSVERKTØY

I 2022 har vi fått utvikla ei integrert løysing med Teams og Sharepoint, som gjer samhandling og prosjektstyring meir oversiktleg og tilgjengeleg. I tillegg har vi flytta løysinga over til Helse Vest IKT. Det har vore ei utfordring dei siste åra å hente løpande og samla aktivitetsdata frå ekstern server. Dette ser ut til å vere løyst gjennom flyttinga, og vi forventar å kunne hente tal knytt til aktivitet i 2023.



### TANDEM

Kartleggingsverktøyet TANDEM måler traumekompetanse, og er tilgjengeleg på [www.tndm.no](http://www.tndm.no)



### ARENDA SUKA 2022

TANDEM vart presentert på Arendalsuka 2022.

### TRYGG TIL HANDLING

I 2022 har vi revidert og vidareutvikla vår digitale opplæringsressurs om vald og seksuelle overgrep for alle som jobbar med barn og unge. Revideringsarbeidet er gjort i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland si kartlegging i kommunale tenester kring det førebyggjande arbeidet fant at mange ynskjer korte, digitale modular som dei kan nytte i eigen kompetanseutvikling/fagtid. Det kom og fram at det framleis er mange som ikkje kjenner til dei digitale verktyøya Snakke med barn og Jeg vet. Trygg til handling kan nyttast til opplæring på fleire nivå, og skal vere ein ressurs for kommunar og tenester i det førebyggjande arbeidet.



SNAKKE og JEG VET er implementert som ein del av ressursen. Promotering av Trygg til handling inngår i samarbeidet med Statsforvaltarane i Vestland og Rogaland. I februar 2023 har vi psykologistudentar i samfunnspsykologisk praksis som skal gjennomføre fokusgruppeintervju med målgruppe for å få innsikt i brukaropplevinga og nytta av Trygg til handling. Det vil gje oss innspel til korleis vi skal jobbe vidare med Trygg til handling.

### REVIDERING AV SEKSUELLATFERD.NO


RVTS vest fekk midlar til revidering av portalen seksuellatferd.no. *Arbeidet er omtalt under punkt 2.1.3 i ein samla gjennomgang av arbeidet med SSA.*

### TRYGG TIL HANDLING

Trygg til handling er ein ressurs om vald og overgrep for alle som jobbar med barn og unge, og er tilgjengeleg på [www.rvtsvest.no/trygg-til-handling](http://www.rvtsvest.no/trygg-til-handling)





A young child with light hair, wearing a bright yellow raincoat, is pointing their right index finger directly at the camera. The background is a soft-focus outdoor scene with green foliage and a greyish sky. The text is overlaid on the right side of the image.

**“ Trygg til handling er oversiktlig, engasjerande og informativt, samt eit nyttig førebyggjande verktøy.**

*Deltakarar i fokusgruppeintervju om Trygg til handling*

## 2.1 Sentrale planar

### 2.1.1 Prop. 121 S (2018-2019) Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024)

I 2022 har vi delteke på eit innspelsmøte som Statsforvaltaren i Vestland arrangerte om opptrappingsplanen.

Vi deltek i ressursgruppe i Helse Fonna, Barn- og unges helseteneste. Vi har gitt innspel til UDIR om ressursar for skular knytt til barn og unges psykiske helse.

I samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland og andre kompetansesenter har vi i 2022 gjennomført innspelsmøte med kommunar, og planlagt korleis vi kan støtte kommunane i arbeidet med førebyggjande planar på fleire områder. Det vert gjennomført 4 samlingar i 2023 der svært mange kommunar er påmeldt.

### TVERRSEKTORIELL VEILEDER FOR PSYKISK HELSEARBEID FOR BARN OG UNGE

*Vi har ikkje registrert spesifikk aktivitet i arbeidet med rettleiaren.*

### UNGDATA

Det er planlagt og gjennomført nettverkssamling for Rogaland fylkeskommune i samarbeid med Korus, Statsforvalter og fylkeskommune. Vi deltek i nasjonal og regional arbeidsgruppe. Vi har tatt inn innspel frå prosjektet om skadeleg innhald på nett til Ungdata.

### 2.1.2 Ny opptrappingsplan for psykisk helse og førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet

Vi har deltatt på møte i regi av Statsforvaltaren i Vestland og har sendt inn skriftleg innspel til utkast til opptrappingsplan.

### 2.1.3 Frihet fra vold. Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjonar (2021-2024)

#### TILTAK 7 (HOD): HELHETLIG OG PLANMESSIG UTVIKLING AV ARBEIDET RETTET MOT VOLDSUTØVERE OG OVERGRIPERE

2021 arrangerte vi, i samarbeid med ATV og regionalt opplæringsteam for Tidlig Inn, kursleiarkurset «Bryt voldsarven- Foreldreforberedelse mot vold»2 gonger (Førde og Bergen). Til saman 40 fagfolk frå fleire ulike kommunar deltok, og fleire av dei driv no kursa i kommunane. Vi er i dialog med ATV om fleire kursleiarkurs i 2023.

Slike kursleiarkurs kan styrke kommunane sitt tilbod til foreldre som enten er i risiko, eller har utøvd vald. Med auka fokus på kartlegging og avdekking, er det nødvendig at kommunane har eigne tilbod til dei familiane der ein avdekker vald eller risiko for vald.

#### TILTAK 8 B (HOD): STYRKE KOMPETANSEN OM PROBLEMATISK OG SKADELIG SEKSUELL ATFERD

RVTS Vest har hatt rettleiing til Helse Fonna, Habiliteringstjenesta for Barn og unge, i deira arbeid med utvikling av nasjonalt kompetansehevingsprosjekt om SSA for habiliteringstenesta. Prosjektgruppa har mellom anna vorte påkopla regionale konsultasjonsteam for SSA saker, regionalt SSA nettverk, fagdagar om SSA og dei har blitt invitert som bidragsytarar på Nasjonal SSA konferanse 2023.

Gjennom samarbeid med andre RVTSar har vi lagt til rette og gitt tilbod om opplæring i kartleggingsverktøya AIM-3 og PROFESOR til spesialisthelsetenesta og andre.

Anna pågåande arbeid er enkeltkonsultasjonar, primært til barnehagar, skular, barneverntenester og kommunehelsetenester. Vidare har vi arrangert enkeltstående kurs for

kommunar og kommunale tenester.

Konsultasjonsteama for SSA saker i Stavanger og Bergen koordinerast av respektive Barnehus. Teama møttest kvar 4. og kvar 3. uke. Rådsøkjarar er primært fagpersonar frå spesialisthelseteneste og barnevernteneste. RVTS Vest deltek i konsultasjonsteama saman med mellom anna habiliteringstenesta for Barn og unge, BUP, Betanien V27 og barneverntenester.

Regionalt SSA nettverk for Vestland og Rogaland koordinerast av RVTS Vest. Nettverket er sett saman av spesialisthelseteneste, Betanien V27, Bufetat, kommunalt barnevern, habiliteringsteneste, Barnehus og konfliktråd.



RVTS Vest bidreg òg i nasjonalt SSA kompetansenettverk.

Nasjonal SSA konferanse 23.-25 mai, Våre Barn, arrangerast i Bergen 23.-25. mai 2023. Førebuingsarbeidet starta i 2022. [www.vaaarebarn.no](http://www.vaaarebarn.no)

### SEKSUELLATFERD.NO

RVTS Vest drifter, promoterer og oppdaterer nettsida seksuellatferd.no. Nettsida er blant dei største nasjonale innsatsane for å spreie og gjere tilgjengeleg kunnskap om SSA på alle nivå, inkludert psykisk helsevern for barn og unge. I 2022 hadde [www.seksuellatferd.no](http://www.seksuellatferd.no) 13.500 unike besøkande og over 35.000 sidebesøk. Nettsida inneheld dagsaktuell kunnskap for fagpersonar. I tillegg er nettsida inngangsport til etablerte verktøy som Trafikklyset, Skole- og Barnehageveileder, e-læring, frokostwebinarer, Play It Right, AIM-3 og PROFESOR. Den er og oversett til engelsk.


RVTS Vest er primus motor og fasilitator for nasjonale frukostwebinar med fokus på SSA, der redaksjonsgruppa til seksuellatferd.no bidreg med innhald. Vi har hatt 6 sendingar i 2022, som til

**seksuellatferd.no** Seksualitet ▾ Tema ▾ Ressurser ▾  

En ressurside for fagpersoner

**Sunn seksuell utvikling og håndtering av bekymringsfull og skadelig seksuell atferd**

[Gå til ressurser](#)



**Hva er sunn seksuell atferd?**  
[Les mer >](#)

**Hva er bekymringsfull seksuell atferd?**  
[Les mer >](#)

**Hva er skadelig seksuell atferd?**  
[Les mer >](#)

#### SEKSUELLATFERD.NO

Ei ressurside for fagpersonar om sunn seksuell utvikling og handtering av bekymringsfull og skadeleg seksuell atferd. Tilgjengeleg på [www.seksuellatferd.no](http://www.seksuellatferd.no).

**“ Vi har så lite om dette i skolen- veldig nyttig info fra dere!**

*Deltakar på Frokostwebinar om skadeleg seksuell atferd*



saman er spelt av over 2.200 gonger. Målsettinga med frukostwebinara er å gjere kunnskap tilgjengeleg, samt redusere tabu knytt til tema.

70 arrangement var direkte knytt til SSA. Deltakartala varierte frå 1 til 718. På større arrangement var deltakarane frå heile Norge, på mindre arrangement er deltakarane berre frå Vestland og Rogaland.

RVTS Vest går bredt ut med opplæring i grunnleggande basiskunnskap og gjer kunnskap tilgjengeleg digitalt og i sosiale media. Vi prioriterer formidling som når mange. Effekten er auka bevisstheit og avtabuisering, og fagpersonar veit kor ein skal vende seg når behovet melder seg. Samtidig sørger vi for undervisning og tilbod til fagpersonar og tenester som møter barn og unge kor bekymring allereie er etablert. Arbeidet med SSA er såleis eit godt døme på korleis RVTS vest nyttar eit stort og variert repertoar av formidlingsaktivitetar for å tilpasse innsats til formål.

### **TILTAK 21 A OG B (JD, HOD): ØKT BRUK AV KOMMUNALE OG INTER-KOMMUNALE HANDLINGSPLANER MOT VOLD I NÆRE RELASJONER – LOKALT OG REGIONALT SAMARBEID OG SAMORDNING**

Temaet er integrert i all undervisning om vald i nære relasjonar og traumeforståing.

RVTS Vest har gitt innspel, konsultert og rettleia fleire kommunar i utarbeiding av kommunal handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Vi har bidrege inn på fagdagar knytt til utrulling av handlingsplan. I Kinn kommune deltok vi på 2 fagdagar, der alle tilsette i tenestene var invitert (om lag 150 deltakarar). Dersom vi ikkje har anledning til å delta på fagdagar, hjelper vi med å lage ein plan for korleis kommunen sjølv kan gjennomføre slike dagar, opplæring og evaluering. Vi vektlegg òg å vise til eksisterande ressursar kommunane kan ta i bruk for å oppnå mål i handlingsplanane.

Fylka Vestland og Rogaland treng framleis å auke tal på kommunar

med kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar, og RVTS Vest tek sikte på å spreie informasjon om handlingsplanar, om rettleiar for utvikling av handlingsplanar, samt å hjelpe kommunar i arbeidet med å utvikle handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

I Vestland arrangerer vi, saman med Statsforvaltar, Korus Bergen og Korsu Stavanger, RKBU, NAPHA, Fylkeskommunen og KS, fire samlingar for kommunar der fokuset er på førebyggjande planar på barn- og ungeområdet. Initiativet kjem som eit direkte resultat av at vi har etablert ei arbeidsgruppe på tvers av sentra for å fremje samarbeid om planarbeida.

I Rogaland er det og det planlagt ein samling for å utdjupe og forsterke prosessen kring førebyggjande planer på barn- og ungefeltet. Vi har delteke med digitalt føredrag for kommunane i Rogaland på tilsynsmøte i regi av Statsforvaltar i Rogaland,

### **TILTAK 24 A (HOD): STYRKE PSYKO-SOSIAL OPPFØLGING OG TRAUME-BEHANDLING AV VOLDS- OG OVERGREPSUTSATTE GJENNOM Å VEILEDE OG UNDERSTØTTE KOMMUNENES ARBEID**

Fagdagar for barnehage, skule og hjelpetenester.

Vi har gjennomført enkeltståande dagar, gjerne halve eller fulle planleggingsdagar med tema traumebevisst omsorg, retta mot barn/familiar. Målgruppa er tilsette i skule, barnehage og hjelpetenester i kommunane. Det er vanskeleg å seie noko om implementeringsgrad for ein enkeltståande dag. Vi ber dei derfor å følgje opp dagen med refleksjonsspørsmål, filmar og fagdrøftingar på personalmøte. Mange kommunar kjem til RVTS etter at utfordringane er blitt store, i stedet for å tenkje førebyggjande og lage ein kompetanseplan som inneheld traumebevisst omsorg. Vi registrerer likevel entusiasme, interesse og ønske om forandring hjå mange deltakarar, og ønske om meir kunnskap og oppfølging med rettleiing.

### **ENKELTKONSULTASJONAR TIL KOMMUNALE TENESTER**

Vi rettleiar tenester inntil 3 gonger i konkrete saker som ein del av tenestestøtte-funksjonen vår. Vi jobbar for tverrfaglege treff, slik at effekten skal bli størst mogleg og at arbeidet skal bli heilskapleg. I 2022 har vi hatt mange førespurnadar som omhandlar tverrfaglege samarbeidsvanskar, foreldre som er mistenkt/dømt for seksuelle overgrep via internett og ikkje minst barn med sterke åtferdsuttrykk i skulen, og trong for traumebevisst omsorg. Rettleiing er primært til barnevern, skular, barnehagar, BUP, PPT, familiehjelpen, smittevernkontor, vaksenopplæring, NAV og andre hjelpetenester.

Vi har avgrensa vår oppfølging til inntil 3 gonger, som i seg sjølv sannsynlegvis ikkje er nok til å skape varig endring. Vi erfarer likevel at vårt fokus på traumebevisst tilnærming og tverrfagleg samarbeid gjer noko med tenestene. Vi ser at tenestene i for stor grad er opptatt av «sine kjerneoppgåver», og at barna/familiane manglar heilskapleg oppfølging. Vi opplever at kunnskapsbasert rettleiing har effekt på den enkelte tilsette, og vi legg inn korte undervisningsøkter i rettleiinga der vi ser at det er hol i kunnskapsgrunnlaget. Vi legg vekt på deltaking frå leiinga i komplekse saker, for å sikre støtte til tilsette samt ansvarleggjering med tanke på vidare oppfølging.

### **KRISETEAMSKULEN**

Kriseteamskulen er for kommunale tenester som arbeider med, eller sit i kriseteam i kommunane. Kriseteamskulen har fire ulike samlingar:

- » Organisering/drift av kriseteam
- » Grunnleggande psykososial førstehjelp og Kriseteamets arbeid når barn er ramma eller berørt av hendingar
- » Psykososial førstehjelp del 2 og Når krise ramar flyktningar og fleirkulturelle barn/familiar/vaksne
- » Ivaretaking av teamets medlemmer og Teamets innsats etter sjølvmod

Det har vært løfta fram nytta av å ta kompetansen i bruk i møte med valdsutsette, men det er varierende i kor stor grad denne kompetansen nyttast på tvers av sektorar i kommunane.

Deltakarar på kriseteamskulen er medlemmer i kommunale psykososiale kriseteam, og alle andre interesserte som har formelle roller i hjelpearbeid av psykososial karakter i kommunane, leiarar i kommunar og prestar/diakonar.

Implementeringsgrad/effekt: Kriseteamskulen består av 4 dagar, som blir gjennomført på 4 ulike stadar i Vestland, det vil seie totalt 16 dagar i løpet av eit år. Det er stor interesse, og deltakarane melder om stort behov for nettverk innan arbeid med menneske i krise. Det er ofte dei same personane som kjem, då det i enkelte kommunar er det einaste «nettverket» dei har til å løfte fram aktuell problematikk.

I 2022 starta vi arbeidet med å lage undervisninga digital, slik at kompetanseprogrammet kan brukast meir fleksibelt.

### **KOMPETANSEHEVING FOR NOK-SENTRA REGIONALT**

Vi har i samarbeid med NOK-sentra gjennomført felles samlingar med mål om å utvikle kompetanse knytt til gode møter mellom menneske. Nok.sentra har sjølve kartlagt kva kompetanse dei ynskjer å utvikle og saman med TANDEM kartlegging har det vore grunnlaget for tema på dei ulike samlingane.

Deltakarane er dei tilsette på NOK-sentra i Vestland og Rogaland.

Implementeringsgrad/ effekt: Kursrekka har vore gjennomført med både digitale og fysiske samlingar over ca 1 år, med avslutning vår 2023. Undervegs er det gjort tilpasningar og naudsynte endringar.

### **TILTAK 25 (HOD): KUNNSKAPSMODULER OM RUS OG VOLD**

Det har vore gjennomført nettverksarbeid og utviklingsarbeid med modulen om basiskartlegging, slik

at det no er på plass innhald i fagdagar om dette. Det har vore ein innsats for å avklare oppstart av undervisning i Rus og vald, første undervisningsdag for basiskartlegging blir i januar 2023.

### **TILTAK 57 (HOD): ARBEID MED VOLD OG OVERGREP I SAMISKE OMRÅDER**

*Det er ikkje registrert spesifikk aktivitet ved RVTS vest knytt til vald og overgrep i samiske områder.*

### **TVERRSEKTORIELL KOMPETANSE-STRATEGI (BUFDIR)**

*Det er ikkje registrert aktivitet spesifikt knytt til denne strategien.*

### **2.1.4 Handlingsplan for forebygging av selvmord (2020-2025)**

#### **FOLKEOPPLYSNINGSKAMPANJE OM FOREBYGGING AV SELVMORD**

RVTS Vest deltek i nasjonal ressursgruppe for folkehelseopplysningskampanjen for sjølvmoedsforebygging, i samarbeid med alle RVTSane, HDir, NSSF og helseføretaka. RVTS Midt har hausten 2022 gjennomført sin regionale kampanje, i 2023 er det Vest sin tur. Planarbeidet for denne vart sett i gang i desember 2022, og vidareførast våren 2023 med mål om kampanjestart medio mai. Plangruppa for dette er oppretta, og består av RVTS Vest, Helse Stavanger, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, statsforvalterembeta i Vestland og Rogaland, KS, fylkeskommunane, HDir, NSSF og brukarorganisasjonar.

#### **FORUM FOR SELVMORDSFOREBYGGING**

RVTS Midt representerer alle dei 5 RVTSane i dette forumet.

#### **HVORDAN MØTE BARN OG UNGE OM SELVSKADINGS- OG SELVMORDS-INNHOLD PÅ INTERNETT?**

#### **UNG PÅ NETT**

RVTS vest deltek i felles RVTS prosjekt. Vest har skrive delar av eit kompendium om unge menneske og skadeleg eksponering på nett og i sosiale media. Vidare har vest produsert 2 filmar,

bidrege på webinar, konferansar og nettverksmøte. Udir har brukt ein av filmene til eige prosjekt.

### **LIVET PÅ TIMEPLANEN (LPT)**

Korleis møte barn og unge om sjølvskadings – og sjølvmoedsinnhald på internett er tema i undervisning i LpT gjennomført i kommunane Bergen, Askvoll og Fjaler.

### **VEILEDNING I UTVIKLING AV KOMMUNALE HANDLINGSPLANER**

RVTS Vest har rettleia 8 kommunar som jobbar med utarbeiding av handlingsplan. 3 kommunar har ferdigstilt handlingsplanar og 2 av dei har gjennomført fleire av tiltaka. Nokre kommunar har produsert gode handlingsplanar med relevante og gjennomførbare tiltak og er no i gang med iverksetting av fleire tiltak. RVTS vest har laga den nasjonale rettleiaren for handlingsplanar som ligg til grunn for vårt arbeid, og har informert om den i undervisning, samarbeidsmøte og konferansar.

### **VIDAREUTVIKLING OG IMPLEMENTERING AV VEILEDENE MATERIELL FOR KOMMUNENE**

RVTS har informert og anbefalt bruk av rettleiande materiell gjennom undervisning og rettleiing, og kjenner til at materialet blir brukt av kommunetilsette. Materialet har og vore introdusert i kompetanseløp for institusjonar.


### **2.1.5 Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Handlingsplan(2021-2024)**

#### **OPPLÆRINGSTILBUD FOR ENDRINGSAGENTER FRA BERØRTE MILJØ**

RVTS Vest har nasjonalt prosjektleiaransvar for opplæringa «Endringsagenter- om forebygging av negativ sosial kontroll for frivillige organisasjonar og berørte miljøer». Opplæringa er ein del av regjeringas handlingsplan og er utarbeida av RVTS på oppdrag frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Opplæringa er tverrfagleg og skal legge til rette for at ressurspersonar i frivillige organisasjonar og råka miljø skal fungere som endringsagenter i

## PÅ BILETE (T.H.):

Ferdig utskolerte mentorar i desember 2022.



## MENTORRADIKALISERING.NO

Informasjon om den nasjonale mentoropplæringa om forebygging av radikalisering mot valdeleg ekstremisme er tilgjengeleg på: [www.mentorradikalisering.no](http://www.mentorradikalisering.no)



arbeidet med negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Opplæringa har både ein teoretisk og ein interaktiv tilnærming og legg i høg grad vekt på dialog. Gjennom fire helgesamlingar skal deltakarane jobbe med følgjande tema: Negativ sosial kontroll og æresrelatert kontroll; Vald og traumeforsting; Migrasjon, identitet og transnasjonale familieliv; Dialog, kultur og kommunikasjon; Jus, lovverk og samfunnsforståing og Risiko og utfordringsbilde

I 2022 tilbød RVTS den nasjonale opplæringa i Bergen, Oslo og Kristiansand. Region Nord og Midt deltar på opplæringane i vest og aust. Våren 2022 vert ytterlegare 70 endringsagentar frå heile Noreg ferdig, inkludert 25 frå Region Vest.

### SAMARBEID MED TUSMO

Sidan 2018 har RVTS samarbeida med TUSMO Association, ein frivillig organisasjon som jobbar hovudsakleg i den somaliske diasporaen. Her har vi bidratt i deira utviklingsarbeid i form av kompetanseheving og utvikling av mentoropplæring for fleirkulturell ungdom i arbeidet med førebygging av negativ sosial kontroll. I 2022 deltok unge vaksne frå Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen med etnisk bakgrunn i Somalia, Eritrea, Sudan, Yemen og Saudi-Arabia. Som del av

opplæringa, og som ein respons på at deltakarane ønskjer større mangfald i representasjon i sosiale media på saker som handlar om negativ sosial kontroll, har RVTS i samarbeid med TUSMO Association produsert 5 kortfilmar der deltakarane deler sine refleksjonar og erfaringar knytt til dette temaet.

I februar 2022 publiserte vi et ressurshefte «Flerkulturelt utenforskap» kor filmene blir knytt til faglege innleiingar og refleksjonsoppgåver til tema som psykisk helse i arabisk og somalisk kontekst, rasisme og mental helse, transnasjonal tilhøyre, negativ sosial kontroll, krysskulturelle identitetsforhandlingar og generasjonsdialog.

### VESTLANDSNETTVERKET

Vestlandsnettverket, den gangen kalla «Bergensnettverket» vart oppretta i 2013. Dette er eit nettverk om førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald som RVTS Vest koordinerer i nært samarbeid med Vestland fylkeskommune. Faste medlemmer i nettverket er Vest politidistrikt, Bergen kommune, Bufetat, IMDi og UDI. Utover faste medlemmer består nettverket av frivillige organisasjonar og trussamfunn som mottek tilskot frå IMDi, Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for å førebygge negativ sosial kontroll.

Faste medlemmer møtast to gonger i semesteret. Det same gjer dei frivillige organisasjonane. Saman arrangerer vi ein konferanse i året som tek for seg relevant problematikk på feltet.

### HAUGLANDSNETTVERKET OG ROGALANDSNETTVERKET

RVTS Vest er også faste medlem i Hauglandsnettverket og Rogaland fylkeskommune sitt nettverk om førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I 2022 arrangerte RVTS Vest, i samarbeid med Rogaland fylkeskommune, den regionale konferansen: «Mellom Barken» med fokus på familiesystem og generasjonsrelasjonar i ein migrasjonskontekst.

### TILTAK 5 (KD, ASD, BFD, HOD, JD, KUD): NASJONALT NETTVERK FOR KUNNSKAPSUTVIKLING OG KOMPETANSEHEVING

*RVTS Vest har ikkje registrert aktivitet knytt til dette.*

### 2.1.6 Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme

RVTS Vest har sidan 2015 arrangert ein tverrfagleg mentoropplæring om radikalisering og valdeleg ekstremisme, og har utdanna meir enn 500 fagpersonar og mentorar frå

heile Noreg. Opplæringa består av ein kurspakke på ni dagar, og mentorane får opplæring både i fenomenforståing og verkemiddel for å starte og støtte endringsprosessar. Mentoropplæring og oppfølging av mentorane er ein bærebjelke i alt RVTS vest sitt arbeid med radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I 2022 gjennomførte RVTS Vest to mentoropplæringar. Årets 70 deltakarar er frå 25 ulike kommunar i heile Noreg, og kjem frå ulike tenester; utekontakten, NAV, kriminalomsorg, flyktninghelse, introordningar, barnevern, rus og psykisk helse, politi, frivilligheit, moske, skule og barnehage.

### **VEILEDNING OG KOMPETANSEHEVING INNEN HELSESEKTOREN, FENGSELHELSETJENESTEN, OG FOR ANDRE RELEVANTE AKTØRER KOMMUNALT OG REGIONALT**

#### **NETTVERKSSAMLINGAR**

RVTS Vest arrangerte i 2022 tre regionale nettverkssamlingar for ferdig skulerte mentorar kor deltakarane får anledning til rettleiing, erfaringsveksling, praktisering av case og fagleg og oppdatert forskingsbasert kunnskap på feltet i nasjonal og internasjonal kontekst. I august 2022, var RVTS vest arrangør av den første nasjonale nettverkssamlinga for mentorar.

#### **SKULEPROGRAM**

Sidan 2016 har RVTS Vest arrangert kurset «dannelse og inkludering– forebygging av utenforskap og voldelig ekstremisme i skolen» i samarbeid med Vestland fylkeskommune, Rafto Foundation of Human Rights og Bergen kommune. Det faglege innhaldet er utarbeidd av Rafto Foundation of Human Rights og RVTS Vest. Målgruppa er lærarar på mellom- og ungdomstrinnet og vidaregåande skuler. Hausten 2022 arrangerte vi eit heildigitalt kurs for lærarar og skuleleiing i kommune og fylkeskommune.

### **BEDRE TVERRSEKTORIETT OG TVERRFAGLIG ARBEID, INKLUDERT SAMARBEID MELLOM DEN KOMMUNALE HELSETJENESTEN OG KRIMINALOMSORGEN VED LØSLATELSE AV**

#### **FREMMEDEKRIGERE**

Bergen kommune har oppretta eit Tverretattlig Operativ Team, TOT, der RVTS Vest er representert som ein av tre faste medlemmar. TOT møtast fast ein gong i månaden og ved operative behov. Teamet forvaltar en mentorbank bestående av rundt 70 ferdig skulerte mentorar frå RVTS Vest si mentoropplæring, i tillegg til anna relevant kompetanse og intervensjonar. I nokre saker vert RVTS involvert i rettleiing av tenester og kommunar, som oppfølging av drøfting i TOT.

#### **OPPLÆRING I KOMMUNENE OM IVARETAKELSE AV RETURNERTE FREMMEDEKRIGERE OG DERES FAMILIER, HERUNDER MENTORNETTVERK**

Sjå over, RVTS vest løyser dette gjennom oppfølging og samarbeid i TOT, samt opplæring og oppfølging av mentorar.

#### **VEILEDE HJELPEAPPARATET OG KOORDINERE TILTAK I FORBINDELSE MED IVARETAKELSE AV RETURNERTE BARN OG DERES FAMILIER**

Sjå over, RVTS vest løyser dette gjennom oppfølging og samarbeid i TOT, samt opplæring og oppfølging av mentorar.

Deltagelse i nasjonale og internasjonale fag- og praktikernetter, eksempelvis RAN.

RVTS vest deltek i FARE-nettverket som er det nasjonale nettverket tilknytt RAN.

#### **TVERRFAGLIG RESSURS- OG VEILEDNINGSFUNKSJON PÅ FAGFELTET RADIKALISERING – OPPSTARTSFASE 2020-2022**

RVTSane relanserte Utveier.no våren 2022. Formålet var å synleggjere den nasjonale rettleiingsfunksjonen som sentra er tildelt. Rettleiingsfunksjonen blir tatt i vare regionalt mellom den tilhøyrande RVTS og tenester og privatpersonar. Gjennom relanseringa er funksjonen blitt endå tydelegare, det er blitt enklare å kontakte den einskilde RVTS. Erfaringa i vest er at det stor trong for, og at senteret tilbyr rettleiing i stort omfang.

### **2.1.7 Regjeringens handlingsplan mot menneskehandel**

#### **TILTAK 15 (BFD)**

Tema er integrert i all undervisning om vald i nære relasjonar på område vaksen. I tillegg er det gjennomført fleire enkeltkonsultasjonar. Målet for 2022 har vore å knytte sterkare band til eksisterande nasjonale og internasjonale nettverk.

#### **TILTAK 17 (HOD)**

RVTS vest har gitt rettleiing og arrangert fagdagar for kommunale teneste. Fokus har vore på kulturkompetanse i møte med nyinnkomne flyktningar. Deltakare har vore flyktningkonsulentar, integreringskonsulentar, helsesjukepleiarar, barnehagetilsette, barneskuletilsette, barnevernteneste og vaksenopplæring.

RVTS vest kopla i 2022 seg på arbeidet med menneskertilslags.no, og vil samarbeide med dei andre sentra om dette framover.

### **2.1.8 Handlingsplan mot valdtekt (2019-2022) (Bufdir)**

#### **TILTAK 10**

Handlingsplan mot valdtekt har vore tema i TBO kompetanseløp for krisesentera i regionen, der to av fire senter har delteke.

### **2.1.9 Nasjonal helseberedskapsplan. Versjon 3.0 fastsatt 1. januar 2018**

#### **KRISETEAMSKULEN**

Kriseteamskule er eit fast program for grunnleggande opplæring til medlem i kriseteam. I 2022 har fokus vore på å digitalisere programmet slik at det er enda meir tilgjengeleg, mellom anna for nye medlem i teama. Det er laga 5 filmar for dette, og det er laga planer for eit webinar (sjå og side X)

#### **NASJONALT SAMARBEID**

RVTSane samarbeider nasjonalt med kvarandre og med NKVTS. Det er mellom anna ei felles redaksjonsgruppe for psykososialberedskap.no.





## FULLSKALAØVELSE

RVTS har bidratt til gjennomføring av fullskalaøving i samarbeid med Equinor og Bergen kommune. Fokus var på etablering av EPS, og på oppfølging og samhandling mellom dei ulike tenestene og organisasjonane.

## KRISELEIING

RVTS Vest har i 2022 avslutta eit kriseleiingsprogram for Bergen kommune. Basert på mellom anna erfaringane frå det, har vi utvikla eit kompetanseprogram om psykososial kriseleiing som er opent for alle tenester og kommunar. Hovudmålet er at deltakarane i programmet skal utvikle sin mellommenneskelege kompetanse som kriseleiar, og slik få eit godt grunnlag for å lykkast når det skjer ei krise. Målgruppa er kriseleiarar i offentlege verksemder (som for eksempel kommunal kriseleiing, innsatspersonell (helse-, politi), forsvaret, frivillige organisasjonar). Kompetanseprogrammet inneheld 5 samlingar x 2 dagar, frå februar 2023 til januar 2024.

### 2.1.9.1 Psykososial ivaretakinge i forbindelse med koronapandemien

I 2022 har RVTS vest prioritert følgjande som del av oppfølginga under koronapandemi. For utdyping av større, strategisk satsing, sjå punkt 2.0.1.

- » Oppfølging på intensiv og akuttavdelingar i Helse Bergen
- » Rettleiingsgrupper for sjukeheimar i Bergen kommune
- » Samarbeid med bedriftshelsetenesta om deltaking i beredskapsteam
- » Bidrar med deltakingen i psykososialt kriseteam for Helse Bergen
- » Teamsundervisning om PSB for psykisk helse i Sogn og fjordane.

## 2.2 Sentrale satsningar

### Program for folkehelsearbeid i kommunene:

#### KOMPETANSEFORMIDLING OG KONSULTASJON/VEILEDNING FYSISK OG DIGITALT.

RVTS er ikkje med i avgjerdsfora knytt til Program for folkehelse, og har ikkje vore involvert i prosjekt knytt til programmet. Senteret har folkehelse som tema knytt til noko anna undervisningsaktivitet som sjølvmodsførebygging, likeverdige tenester til ulike minoritetar og førebygging av vald og overgrep.

Deltakarar er tilsette i kommunar og fylkeskommunar.

Neste steg blir å digitalisere noko av den kunnskapsformidlinga vi i dag gjer fysisk slik at vi kan nå fleire, og på den måten skape blest om «våre tema» som aktuelle i programmet. Dette er òg i tråd med statsforvaltaren i Vestland sine framtidsretta tiltak.

### Tidlig Inn og Bedre Tverrfaglig Innsats:

#### REGIONALT OPPLÆRINGSTEAM, ROT

RVTS vest er aktiv deltakar i Regionalt opplæringsteam (ROT) som koordinerast av Korus. I 2022 har det vore gjennomført 6 møter i ROT der planlegging, samarbeid og gjennomføring av opplæringsprogrammet Tidlig Inn er tema. I 2022 har vi invitert med ein brukarrepresentant i teamet.

Deltakarar frå Korus, RKBU, Brukarrepresentant, Bufetat og RVTS Vest.

Gjennom faste samarbeidsmøte bidreg alle kompetansmiljøa til god forankring og førebuing når Tidleg inn gjennomførast i kommunen. Samarbeidet bidreg og til kjennskap til kvarandre sin kompetanse og legg grunnlag for samarbeid kring andre innsatsar.

I 2022 har vi gjennomført Tidlig Inn i 2 kommunar i Vestland, og planlagt gjennomføring for forsterka Helsestasjon i Stavanger (Rogaland). RVTS Vest er ansvarleg for dag 4 i programmet: Vald i nære relasjonar. I Vest har vi utvida opplæringsprogrammet med rettleiingsdag mellom fagdagane, for å støtte kommunane i implementeringsarbeidet og auke tryggleik kring kartlegging.

Deltakarar: Tilsette i tenester som møter barn og unge i Askvoll og Fjaler kommunar.

Regionalt opplæringsteam leverte høyringsinnspel til forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for jordmorutdanning.

#### REGIONAL FAGSAMLING FOR TIDLIG INN KOMMUNAR I VESTLAND

Årleg regional fagdag for Tidleg inn kommunar. I år var tema knytt til Oppvekstreformen, fars rolle i svangerskapsomsorgen, samt erfaringsdeling frå kommunar. Det var 26 deltakarar frå ulike kommunar i Vestland og Rogaland (kommunar som vurderer Tidlig inn).

Implementeringsgrad/effekt: Tidleg inn bidreg til auka bevisstheit i tenestene kring sårbarheitsfaktorar innan rus, psykisk helse og vald i nære relasjonar. Opplæringsprogrammet vektlegg tverrfagleg samarbeid og er eit verkemiddel i kommunen sitt arbeid med tidleg oppdaging av utsette barn og unge.

#### NASJONAL ARBEIDSGRUPPE, TIDLIG INN

RVTS Vest representerer alle RVTSane i den nasjonale arbeidsgruppa for Tidlig Inn. Den nasjonale arbeidsgruppa koordinerer det nasjonale arbeidet, og legg til rette for erfaringsdeling på tvers av kompetansmiljøa. Det har vore gjennomført 5 møter i nasjonal arbeidsgruppe, dei fleste på Teams.

I 2022 har vi planlagt ei webinarrekke med oppfrisking/ grunnkompetanse for nyttilsette i kommunar som tidlegare har gjennomført opplæringsprogrammet. RVTS Vest er

ansvarleg for RVTSane sitt bidrag, med fagdagar i mars 2023 (hittil er det 220 påmeldte frå heile landet).

### **PROGRAMKOMITÉ FOR NASJONALT FAGSEMINAR**

RVTS Vest representerer RVTSane i programkomitéen som er ansvarleg for planlegging og gjennomføring av den nasjonal fagsamlingane for alle som underviser i Tidlig inn (Regionale opplæringssteam). I 2022 deltok 25 personar på denne samlinga.

Som RVTS-representant i den nasjonal arbeidsgruppa for Tidlig inn, deltek vi på fellesmøte med nasjonal arbeidsgruppe for BTI ein gong i året. Målet med fellesmøtet er å samkøyre BTI og Tidlig inn, sjå korleis vi skal understøtte forankring og implementering i kommunane og korleis Tidlig inn kan vere eit verkemiddel for BTI-kommunar si tiltakskjede.

### **BEDRE TVERRFAGLIG INNSATS (BTI)**

Vi bidreg i arbeidet med satsinga på tverrsektorielle samhandlingsmodellar saman med RKBU og Korus, som leiår framdrifta i arbeidet. 6 årlege samlingar for BTI-kommunar i region nord og sør i Vestland, dvs 2 samlingar årleg for kvar region. 28 av 42 kommunar er i gang med BTI.

Deltakarar var kommunalt tilsette som sitter i BTI- prosjektgruppe/prosjektleiinga. Leiårar innan oppvekst.

Implementeringsgrad / effekt: Kommunane er i ulike implementeringsfasar. Med tanke på varigheit og forankring, bør BTI-arbeidet ha stor effekt. Vi vurderer at mykje utskifte av tilsette dreg ned effekten, samt at det kan bli meir fokus på det instrumentelle i modellen, enn korleis det fungerer i praksis/utbytte.

Neste steg: Vi held fram med å hjelpe kommunar med prosjektleiing, råd om implementering og dele ny forskning/fagleg kunnskap. I tillegg er det 1-2 fellesmøte pr år mellom regionale arbeidsgrupper for BTI og Tidlig inn.

### **FELLES MØTER BTI OG TIDLIG INN**

I 2022 har det vore gjennomført 1 fellesmøte mellom regionale

arbeidsgrupper for BTI og Tidlig inn, samt 1 fellesmøte mellom nasjonal arbeidsgruppe for BTI og Tidlig inn.

### **TVERRFAGLIGE AKTIVT OPPSØKENDE BEHANDLINGS- OG OPPFØLGINGSTEAM ETTER ACT- OG FACTMODELLENE FOR BARN, UNGDOM OG VOKSNE:**

#### **FACT-UNG**

Det blei starta ei arbeidsgruppe mellom kompetansesentera RVTS, RKBU, KORUS i oktober 2022 for å samkøyre bidrag til implementering av FACT-ung team i regionen. Det ble planlagt jamlege møter mellom kompetansesentera med fokus på implementeringshjelp for FACT-Ung i 2023.

#### **ACT / FACT**

RVTS har ikkje delteke fast i nettverk for støtte av ACT / FACT team. Vi deltok på nettverksmøte om FACT sikkerheit i Haugesund, og det er planlagt fast deltaking igjen frå 2023.

#### **RASK PSYKISK HELSEHJELP**

Vi har gitt konsultasjon til kommunar og tverrfaglege tenester i høve enkeltsaker.

RVTS vest medverka med kapittel om sjølv-mord i ny rettleiar for RPH.

#### **PAKKEFORLØP PSYKISK HELSE OG RUS - HELSEDIREKTORATET**

RVTS vest har levert innspel til høyring om utviding av pakkeforløpet for kartlegging av psykisk helse og rus hos barn i barnevern.

## **2.3 Forebygging av selvmord og selvska-ding**

### **KRISETEAMSKOLEN**

Temaet forebygging av sjølv-mord og sjølvskading er tatt inn i Kriseteamskolen på basisdag 2 og 4. Basisdag 2. Grunnleggande psykososial førstehjelp» og «Kriseteamets arbeid når barn er ramma eller berørt av hendeingar, særleg fokus på barn som etterlatte etter sjølv-mord». Basisdag 4. «Ivaretaking av teamets medlemmer» og «Teamets innsats etter sjølv-mord».

### **UNDERVISNING I FORM AV FAG-DAGAR PÅ HØGSKULAR OG UIB**

Sjølv-mord blir fletta inn i tematikk som traumeforståing, vald og truslar i skulen og Korleis lære når hjernen er ein annan plass?.

Deltakarar er studentar i høgare utdanning.

Implementering/effekt: Å snakke om det vanskelege er viktig å få ut til studentar, gjere terskelen lav for å våge å sjå, spørje og handle. Ulik grad av effekt, men tilbakemeldingar er at sjølv-mord som tema på fagdagar er høgaktuelt.

Det visast òg til omtale av handlingsplan for forebygging av sjølv-mord under punkt 2.1.3.

### **SAMLINGAR I REGIONEN DER FØREBYGGING AV SJØLV-MORD OG SJØLVSKADING OG OPPFØLGING AV PÅRØRANDE OG ETTERLATNE ER TEMA**

RVTS arrangerer årleg ein hybrid fagkonferanse om forebygging av sjølv-mord og sjølvskading for barn og unge, i samarbeid med RKBU Vest og Korus.

Kriseteamskolen har samlingar med dette som tema, og vi har bidratt med undervisning i form av fagdagar på høgskulane og UiB, Krisesenteret Stavanger og Uis.

### **SAMARBEIDE MED LEVE OM UT-VIKLING AV SORGSTØTTETILBUD**

RVTS Vest har representantar både i LEVE sitt Landsstyre og Hordaland fylkesstyre. RVTS Vest har årlege samarbeidsmøte med fylkeslag i vår region og LEVE sitt sekretariat der blant annet samarbeid kommande år planleggast. RVTS Vest har hatt ansvar for rettleiing på rettleiing, og rettleiing av sorgstøttegrupper i regi av LEVE. Det er et godt samarbeid mellom LEVE sitt sekretariat og LEVE sitt fylkeslag i vest.

### **SAMARBEID MED VIVAT OM KURSET «FØRSTEHJELP VED SELVMORDS-FARE» OG SPREIING AV OPPMERK-SOM PÅ SELVMORDSTANKER (OPS)**

Vivat sine kurs er lagt inn i fleire av våre program, mellom anna «Livet



på timeplanen» og i Traumebasert omsorg (TBO løp) som en del av implementeringa.

Kurset Førstehjelp ved sjølvmoordsfare blir også gjennomført som ein del av kompetansehevinga til tilsette på høgskular og universitet i forbindelse med Bergen kommune sin handlingsplan.

Deltakarar er tilsette på skular, barnevernsinstitusjonar, tilsette på høgskular og universitet.

Kurset får gode tilbakemeldingar.

### **RVTS NORD OG RVTS MIDT HAR ET SÆRSKILT ANSVAR FOR SAMARBEID MED RELEVANTE AKTØRER OM SELVMORDSFØREBYGGING I SAMISKE OMRÅDER**

RVTS vest har inga anna aktivitet knytt til sjølvmoordsførebygging i samisk kontekst utover det som er nemnt i punkt 2.0.2

## **2.4 Personell som har deltatt i internasjonal tjeneste for Norge**

### **OPPFORDRE OG UNDERSTØTTE KOMMUNER SLIK AT DISSE UTVIKLER OG TAR I BRUK KOMMUNALE ELLER INTERKOMMUNALE HANDLINGSPLANER**

RVTS vest jobba i 2022 med dette i nettverket i Rogaland, i samarbeid med statsforvaltarane i Rogaland og Vestland, og i samarbeid med Forsvarets veteraneneste.

### **VIDAREUTVIKLE STANDARDISERTE KURS OG OPPLÆRINGSPAKKAR SOM KAN TILPASSAST LOKALE BEHOV**

RVTS Øst har ein nasjonal spissfunksjon for dette. RVTS Vest har bidratt til modular til veterankontaktar, og arrangerer kurs i saman med RVTS øst og Forsvaret etter ein nasjonal rulleringsplan.

### **INNARBEIDE TEMATIKKEN I RELEVANTE KOMPETANSEHEVINGSTILBUD INNEN PSYKOSOSIAL BEREDSKAP, TRAUMER OG VOLD**

Tematikken er en del av RVTS sine

program for traumeforståing og traumebehandling.

### **SIKRE SAMARBEIDE OG SAMORDNING PÅ TVERS AV REGIONALE FAGNETTVERK**

RVTS vest har eit regionalt nettverk med stor breidde og stort engasjement som består av veterankontakter frå regionen, representantar for veteranorganisasjonar, politiveteranar, store og små kommunar, Bufetat, NAV, forsvarsstaben, FVT, spesialisthelsetenesta, og som et siste tilskot statsforvaltaren i Vestland.

## **2.5 Sinnemestring – arbeid rettet mot voldsutøvere**

Opplæring i sinnemestring starta i 2022 i Stavanger, og fullførast i 2023, og har om lag 30 deltakarar.

Implementeringsgrad / effekt: Vi vil få på plass sinnemestringsterapeutar i eit område det tidlegare har vore lite aktivitet i. Effekten vil i stor grad vere avhengig av i kva grad respektive tenester gjennomfører det dei forplikta seg til ved oppstart.

## **2.6 Losfunksjon**

Vi har fått ein rekke førespurnadar i 2022 primært frå overlevande, men også nokre etterlatne. Vi har eit godt samarbeid med 22-juli støttegruppene, og har deltatt på regional samling.

RVTS vest har i samarbeid med RVTS sør utvikla eit program for opplæring av fasilitatorar/ grupperettleiarar for ramma etter 22-juli. Gruppedeltakarane skal få anledning til gjensidig psykososial ivaretaking og sjølvhjelp gjennom deltaking i grupper. Bakgrunnen er at både støttegruppa og dei regionale 22-juli-losene erfarer at det er eit ønske blant fleire av dei ramma at det skal etablerast lokale likepersons-grupper med fasilitator.

## **2.7 Flyktinghelse og tvungen migrasjon**

Mykje av arbeidet med flyktingar var prega av krisa i Ukraina i 2022. For utdjujing av det arbeidet, sjå 2.0.3.

Flyktinghelse, tvungen migrasjon og tenestene sine møter med mennesker med annan kultur og etnisitet er som oftast inkludert i langsgående program.

### **UNDERVISNING HØGSKULAR**

Vi har hatt fleire undervisningar på høgskular med tema fleirkulturelle familiar, tverrfagleg samarbeid med flyktingfamiliar, korleis hjelpe fleirkulturelle familiar som ikkje ønsker hjelp til barn med hjelpebehov, omsorg og læring for barn av menneske med fluktbakgrunn, skadelege tradisjonar, kjønnslemlesting.

Deltakarar har vore studentar på bachelornivå og studentar på vidareutdanningar (sjukepleie, jordmorutdanning, helsesjukepleieutdanning mfl.).

### **KONSULTASJONAR TIL KOMMUNAR**

I 2022 har vi fått fleire henvendingar frå tenester om konsultasjons og undervisning knytt til enkeltsaker eller tema. Vi tilbyr inntil 3 konsultasjonar på enkeltsaker, medan vi andre gonger har hatt innlegg på fagdagar.

Deltakarar har vore innføringsskular, tverrfaglege team, NAV, Legevakt, Vaksenopplæring, Integrasjonstenester, barnevern, tilsette i helsetenester, barnehage, grunnskule og vidaregåande skule

Implementeringsgrad/effekt: Det meldast om stor nytteverdi her og no. Fokus på auka bevisstgjerings og kritisk refleksjon kring ein som tilsett eller tenesta som heilheit møter barn, vaksne og familiar med flykting- eller migrasjonsbakgrunn er etterspurt og naudsynt.

Vi vektlegg å invitere inn alle tenester som jobbar med den det gjeld når vi gjennomfører konsultasjonar, slik at det tverrfaglege og tverretatlege samarbeidet kan styrkast. Nokre

konsultasjonar gjer innsikt i behov for meir overordna og leiingsforankra kompetanseutvikling som vi kan gå i dialog med aktuell teneste/kommune om.

### **FAGDAG MED FOKUS PÅ ELEVER MED FLYKTNINGBAKGRUNN: «HVORDAN LÆRE NÅR HJERNEN ER ET ANNET STED?»**

Deltakarar var alle tilsette knytt til Johannes Læringscenter i Stavanger, om lag 400 deltakarar.

Implementering/ effekt:

Eingangshendingar kan vere vanskeleg å vurdere effekt på, men tematikken er aktuell og det er gode tilbakemeldingar.

Alle sentrene skal bidra i arbeidet med oppdatering og kvalitetssikring av ressursportalen flyktning.net, ledet av RVTS Nord.

RVTS vest deltek i det redaksjonelle arbeidet, og med revidering og forbetring av portalen

## **2.8 Forebyggende familiearbeid i eksil**

RVTS vest har ikkje arbeida spesifikt med temahefte frå RVTS midt. Tematikken er sentral i mykje av arbeidet som gjerast med ICDP, samt konsultasjonar om enkeltsaker. I tillegg har vi 2022 arbeidd konkret saman med enkeltkommunar/ tenester kring møtet med familiar frå Kongo. Planen er å kunne utarbeide «best practice-råd» som kan vere nyttig for andre kommunar.

## **2.9 Torturutsatte**

Vi har arrangert konferansen «Torturutsatte i norsk helsevesen» i samarbeid med HVL, RVTS-Vest, Seksjon smertebehandling og palliasjon ved HUS, UiB, Senter for migrasjonshelse i Bergen kommune og Alrek helseklynge. Her deltok 150 fysisk samt at dagen ble streama over hele landet.

## **2.10 Regionale tverrfaglige nettverk innen kommunalt psykisk helse- og rusarbeid**

Det har vore vanskeleg å etablere eit strukturert samarbeid ut mot kommunane. Det er etablert samarbeid mellom sentra, og det er planlagt aktivitet for 2023.

## **2.11 Bistand til tjenestene i utviklingen av rusarbeidet**

I juni 2022 avslutta vi et eittårig kompetanseløft for hele LAR seksjonen i Avdeling for rusmedisin i Helse Bergen. Tittelen er «Traumebehandling og rus», og programmet er utvikla for å kunne brukast òg overfor andre rusavdelingar. Kurset består av 7 heile undervisningsdagar, og alle tilsette er inkludert. Innhaldet omfatta traumekunnskap innanfor PTSD, komplekse traumelidingar og dissosiasjon, i eit rusperspektiv. Det var fokus på korleis ein kan gje god behandling til pasientar som har samtidig traumeliding og rusmiddelavhengigheit, og konkrete tilnærmingar i dette arbeidet. Kurset fokuserer og på vald, hjelp til hjelpar, og organisasjonskultur og verdjar. Rundt 80 tilsette i LAR fullførte kurset, og nyttilsette vart inkludert undervegs. RVTS Vest hadde særleg oppfølging av leiarane for å sikre god implementering, og det var god støtte for gjennomføringa av programmet i leiargruppa. Psykologane i LAR fekk jamleg rettleiing av RVTS Vest, for så å gje traumespesifikk rettleiing ut til alle LAR poliklinikkane så lenge programmet varte. Tilsette i LAR ble òg oppfordra til å vere med å halde undervisning, og dele erfaringar rundt traumeorientert behandling for denne pasientgruppa.

Vi har òg hatt oppfølging av en kompetansegruppe i Avdeling for rusmedisin i Helse Bergen i forhold til

fleirkulturell kompetanse og arbeid med flyktningar med rusmiddelavhengigheit.

Vi vurderer at det er viktig å bruke tid på kompetanseheving innan samanhengane mellom traumeproblematikk, rus og vald i de nemnte hjelpetenestene, då økt kompetanse gjer det lettare for personalet å fange opp behov for vidare kartlegging, førebygge vald og det aukar mestringsfølelsen og kan medverke til redusert utbrentheit i møtet med nokon av de sjukaste pasientane i helsevesenet.

### **«RUSARBEID I SKOLEN: NÅR LIVSBELASTNINGER ER VEIEN INN TIL RUS OG UTENFORSKAP»**

RVTS har bidrege med fokus på traumeforståing på Korus sitt kompetanseløft for rusarbeid i skulen.

Deltakarar: Tilsette i skule og skulehelsetenesta

## **2.12 Arbeid mot krisesentertilbudet i kommunene**

### **NASJONAL OG REGIONAL KOMPETANSEHEVING OG NETTVERKSBYGGING FOR ANSATTE OG LEDERE I KRISESENTERTILBUDET**

RVTS møter krisesentera i regionen jamleg for å sikre rett oppfølging. I 2022 har følgjande vore prioritert.

- » Slutført TBO løp for Krisesenter IKS Haugesund/Stord og Bergen krisesenter
- » Fagdag om sjølv-mord, Stavanger krisesenter
- » Samarbeid om gjennomføring av Brøsetmodellen i Stavanger med Stavanger krisesenter
- » Planlegging og gjennomføring av nasjonal krisesenterkonferanse i Oslo

### **INTEGRERE KUNNSKAP OM VOLDTEKT OG SEKSUELL VOLD I ARBEIDET RETTET MOT KRISESENTRE**

Tema er adressert i TBO undervisning og nasjonal krisesenterkonferanse.

## **BISTÅ KOMMUNENE I Å TILRETTE- LEGGJE FOR ET HELHETLIG OG LIKEVERDIG KRISESENTERTILBUD FOR ALLE SOM ER UTSATT FOR VOLD I NÆRE RELASJONER**

Dette adresserast i all hovudsak i dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

## **KOMPETANSEHEVING RETTA MOT KOMMUNANE OM DEIRA ANSVAR ETTER KRISESENTERLOVA, INKL. KOMMUNANE SI HELHEITLIGE INNSATS MOT VALD I NÆRE RELA- SJONAR, I SAMARBEID MED STATS- FORVALTER**

Tema er integrert i undervisning om vald i nære relasjonar. Planprosess for 2023 – planlegging av samarbeid med statsforvaltar og andre kompetansmiljø i Vestland om Heilskapleg innsats og planarbeid. Vald i nære relasjonar prioritert område inn her.

## **ETABLERE OG UTVIKLE SAMARBEID MED NASJONALT SAMISK KOM- PETANSESENTER (NASAK) SOM HAR VEILEDNINGS- OG OPPLÆRINGS- ANSVAR FOR KOMMUNALT OG STATLIG BARNEVERN, FAMILIEVERN OG KRISESENTER FOR Å STYRKE OG TILRETTELEGGJE KRISESENTERTILBU- DET TIL SAMISKE BARN OG VOKSNE.**

*RVTS vest har ikkje registrert aktivitet på dette området.*

## **2.13 Sentrene mot incest og seksuelle overgrep (NOK/SMI- SO) (Bufdir)**

### **KURSREKKE/KOMPETANSEHEVING FOR NOK-SENTRENE REGIONALT**

Kompetanseløp planlagt og startar opp med alle sentra i region vest. 4 heile fagdagar gjennomført i 2022, alle sentra deltok.

Kompetanseløpet er for alle tilsette på NOK-sentrera i Vestland og Rogaland.

Implementeringsgrad/ effekt: Kursrekke er over 6 dagar for å sikre samanheng og rom for forandring/implementering. Deltaking hovudsakleg digitalt.

I tillegg har vi jobba med leiarstøtte for leiargruppa til Nok.sentra nasjonalt, invitert av Nok. Norge. Tema for første dag var kommunikasjon. Det er planlagt ny samling i løpet av våren 2023.

## **2.14 TryggEst**

I samarbeid med SIFER har RVTS vest utvikla eit verktøy (RITE) for å risikovurdere førespurnadar til TryggEst team. Vi har gitt opplæring i bruk av verktøyet på nasjonal samling for alle TryggEst kommunane, samt gitt opplæring til dei andre RVTSane, og det er laga e-læringsprogram om verktøyet.

Det er gitt eige kompetanseprogram for kommunale TryggEst team: Trygg til TryggEst. I 2022 ble det gjennomført i Øygarden og Askøy kommune med totalt 66 000 innbyggjarar. Alle tenester blei invitert inn i den digitale delen av programmet.

Vi har bidratt i referansegruppa til nokon av dei andre e-læringsprogramma som utviklast og leggst i kompetanseportalen til KS.

## **2.15 Jeg vet og Snak- ke med barn**

### **NASJONAL PROSJEKTGRUPPE**

RVTSane møtast digitalt 2 gonger i månaden. I tillegg har vi 2 fysiske samlingar à 2 dagar i løpet av året. Fokus er samarbeid, koordinering, planlegging og utvikling av nettportal og undervisningsopplegg. Mellom møter i nasjonal prosjektgruppe gjennomførast regionalt utviklingsarbeid og arbeid med tildelte oppgåver. Jf. nasjonal rapportering for 2022.

### **SAMARBEID MED STATSFORVALTER I VESTLAND OG STATSFORVALTER I ROGALAND**

Vi har samarbeida tett med begge

statsforvaltarane i 2022. Felles prosjekt knytt til promotering og innføringskurs om SNAKKE og JEGVET. Det var gjennomført 2 fulldags-undervisningsøkter kor Statsforvaltar har administrert påmelding og promotering. Totalt meir enn 400 påmeldte. Vidare har vi prioritert deltaking på leiarsamlingar i regi av statsforvaltarane. SNAKKE og JEGVET har fått eigne postar på program, og slik sikra merksemd. Vi har pågåande arbeid med Statsforvaltane i Vestland og Rogaland om å etablering og drift av nettverk for ressurspersonar om SNAKKE og JEGVET.

SNAKKE og JEGVET er integrert i nettsida seksuellatferd.no. Avatarar frå SNAKKE er linka opp mot relevante problemsider på seksuellatferd.no6. Seksuellatferd.no hadde i 2022 over 13.500 unike besøkande.

### **RETTELEIINGSSGRUPPER – SAMTALAR MED BARN**

I 2022 har vi hatt rettleiingsgrupper om samtalar i fire kommunar. Rettleiingsgrupper består av 8 fagpersonar frå barneverntenester og andre kommunale tenester. Innhaldet i rettleiinga er knytt til videooptak av samtalar, rettleiing, tilbakemelding og trening. SNAKKEMEDBARN og JEGVET er gjennomgangstema. Gruppene er leiarforankra og er eit ledd i å auke kommunen sin samla kompetanse i samtalar med barn. For å sikre implementering, stiller kommunen med eigne fagpersonar som kan vere med som biretleiar/rettleiarar. Dei er så ansvarlege for vidareføring med eigne rettleiingsgrupper, og mottek då rettleiing på rettleiing av RVTS Vest.

### **KOMMUNALE KONSULTASJONSTEAM OG KONSULTASJONSTEAM FOR SSA SAKER**

SNAKKE og JEGVET er naturlege ressursar som inngår i opplæring av konsultasjonsteam, samt utgjør ein del av støtta rådsøklar får ved å kontakte teama. Nokre team er også rusta til på eigenhand å drive undervisning om SNAKKE og JEGVET.

## KOMPETANSEPAKKE OM SEKSUELLE OVERGREP

I lag med andre kompetansemiljø har vi deltatt i ressursgruppe og arbeidsgruppe for utvikling av kompetansepakke til alle tilsette i skular i Bergen kommune. Her har Snakke med barn og Jeg vet blitt brukt som ressursar i opplæring og trening. Kompetansepakken har vore gjennomført med 2 fysiske samlingar (utval av tilsette), samt som ein digital ressurs for alle tilsette.

## SOSIALPEDIATRISK NETTVERK, HELSE BERGEN

Vi deltar i nettverket og bidrar inn på årleg fagdag for alle tilsette om vald og seksuelle overgrep. Vi brukar Snakke med barn i undervisninga. Det planleggast oppstart av tilsvarande nettverk i Helse Fonna våren 2023.

## PILOTPROSJEKT JEG VET

Vi er med i ei prosjektgruppe i Kvinnerad og Ullensvang kommunar (prosjekt gjennom Statsforvaltar Vestland sitt læringsnettverk). Her har dei vedteke at alle skular og barnehagar skal ta i bruk Jeg vet som ressurs i opplæring til barn og unge i kommunane. Dei starta opp med 2 barnehagar og 2 skular i 2022 og skal utvide innsatsen i 2023.

## KONSULTASJONAR SAMTALER MED BARN OG UNGE

Vi er tilgjengeleg for enkeltkonsultasjonar når fagfolk trenger rettleiing i samtaler med barn og unge. Vi gir konkrete råd og viser vidare til snakke-med-barn.no for eigentrening.

## STØRRE UNDERVISNINGSOPPDRAG

Enkelte undervisningsoppdrag kor SNAKKE og JEGVET har vore tema, og kor talet på deltakarar har vore høgt, bør framhevast. SNAKKE og JEGVET var tema bl.a. på Storefjellkursa (80 personar), Sjølvmoordsførebygging for sjukepleiarstudentar (200 personar), studentar på profesjonsstudiet for psykologi (112 studentar), presentasjon av nettressurs for fagpersonar i Malmø (81 personar). I tillegg er SNAKKE og JEGVET framheva og promotert på Fredagsfokus og på frukostwebinar om SSA. I 2022 var Fredagsfokus

spelt av over 6500 gonger og SSA-frukostwebinar over 2300 gonger.

## UNDERVISNING PÅ UNIVERSITET OG HØGSKULAR

Det er høg etterspurnad etter undervisning om samtaler med barn og unge, både på bachelorutdanningar og master-/vidareutdanningar. Vi har prioritert fleire slike oppdrag fordi studentane anten kjem frå fleire ulike tenester som møter barn og unge, eller skal ut i tenestene etter avslutta utdanning. Vi oppfordrar høgskule og universitet til å samle feire utdanningar, linjer, årskull til denne undervisninga då vi ser at vi ikkje rekk over alle førespurnadane. Mot slutten av 2022 samarbeidde vi med HVL, Bergen og Sogndal om undervisningsopplegg for eit kommunikasjonskurs for bachelor i vernepleie. Snakkemedbarn.no var inkludert i kurset. Vi håpar vi kan vidareutvikle dette i samarbeid med høgskulen, med eit mål om at høgskulen sjølv kan gjennomføre undervisning om samtaler med barn og unge, og at andre utdanningsinstitusjonar kan få nytte av det.

Deltakarar på arrangement knytt til SNAKKE og JEG er ei heterogen gruppe. På den eine sida har vi individuelle konsultasjonar, og den andre større digitale arrangement med over 1000 deltakarar. I rapporteringssystemet (Sharepoint/Teams) er det registrert over 120 arrangementet kor SNAKKE/JEGVET har stått sentralt, men her er store mørketal. Vi ser at mange frå skule, barnehage, helse og barnevern deltar og fleire sit saman og føl undervisninga.

Implementeringsgrad/effekt: Fokus på trening, vedvarande promotering, bevisstgjering på alle nivå er ei pågåande oppgåve. Vi ser at regionen i større grad har kjennskap til både SNAKKE og JEGVET enn kva som var tilfellet tidlegare. Samtidig har vi mykje arbeid igjen. Vi ser frem til vidare samarbeid med Statsforvaltarane og vil bidra i arbeidet med å gjere ressursane tilgjengelege og kjent.

Fafo gjennomfører ein forskingsbasert

evaluering av Jeg Vet og Snakke med barn, på oppdrag frå Bufdir. RVTSane involverast i dette arbeidet ved behov, og skal hjelpe med i å legge til rette for kunnskapsinnhenting til evalueringa.

## 2.16 Barnevern-reformen og kommunenes ansvar

### LÆRINGSNETTVERK FOR BARNEVERN

RVTS vest er med i læringsnettverk i Rogaland og Vestland. Vi er med i ressursgruppene i begge fylke, og i styringsgruppa i Vestland. Vi har vore direkte involvert i 2 prosjekt i kvart fylke. Her har vi bidratt med faglege innspel, drøfting, arbeidsgrupper og innlegg på fagdagar. Vi har vore medarrangørar på møte i ressursgruppa (4), samlingar for prosjekta (2) samt årleg barnevernleiarssamling i læringsnettverket i Vestland.

Deltakarane kom frå kompetansemiljø, barnevernleiarar, tilsette i kommunane.

Implementeringsgrad/effekt: I prosjekta arbeidar kommunane med tverrfagleg samarbeid, utvikling av rutinar og verkemiddel, samt konkrete arbeidsmetodar retta mot utfordringar i arbeidet. Implementering og forankring er ein viktig del i prosjekta.

### INTEGRERING AV BARNEVERNREFORM/OPPVEKSTREFORM I UNDERVISNINGSOPPLEGG

Det har vore naturleg for senteret å inkludere drøfting om barnevernsreform i mykje undervisning med tematikk vald, overgrep, traume, tverrfagleg samarbeid.

### KONSULTASJON I ENKELTSAKER

Vi deltek i tverrfaglege møter kring barn og unge der tenestene opplever utfordringar med samarbeid, ansvarsfordeling og TILTAK for å møte problematikken. Vi tilby 1-3 konsultasjonar i desse sakene.

Deltakarar frå barnevern, skule, PPT, BUP, NAV, foreldre m.m.







#### PÅ BILETA:

Glimt frå Septemberkonferansen 2022: Traumer og skam



Implementering/effekt: Vi bidreg til at tenestene får auka innsikt i kvarandre sine oppgåver, mogelegheiter og utfordringar, samt til auka samarbeid mellom barneverntenesta og andre tenester.

## 2.17 Innspel til veilederen Sammen om mestring

*RVTS vest har ikkje registrert aktivitet spesifikt på dette punktet*

## 2.18 Utarbeidelse av støttemateriell – nye læreplaner

RVTS vest har ikkje vore spesifikt invitert inn til slikt nasjonalt arbeid. Tematikken er aktuell i alt samarbeid

med skular.

Aktivitet: Undervisningsopplegg og kompetanseheving.

Deltakarar: Tilsette i skular.

Implementeringsgrad/effekt: «Alt henger sammen med alt». I arbeid med traume, utanforskap, mobbing, trygt og godt skulemiljø, er det viktig å sjå samanhangar. Undervisning til skular heng saman med nye læreplanar og det indre liv i skulen.

## 2.19 Nettbasert formidling

2022 har vore eit aktivt år ved senteret, med produksjon av fleire digitale undervisningsprogram og arbeid med ulike nettressursar.

## SYNLEGGJERING AV SENTERET SITT ARBEID

Vi brukar nettsider, nyhetsbrev og sosiale media aktivt for å løfte fram arbeidet vi driv både regionalt og nasjonalt. I 2022 har vi hatt ekstra fokus på det regionale samarbeidet med andre kompetansesentra, for å synleggjere for tenestene korleis vi jobbar og korleis dei kan bruke oss.

## KOMMUNIKASJONSSAMARBEID

Synleggjering av regionalt samarbeid har hatt nytte av eit godt kommunikasjonssamarbeid mellom kompetansesentra i regionen. Vi lagar felles aktualitetssaker og har eit struktur på samarbeid kring dei ulike prosjekta som er på tvers. Meir om dette står under 1.4 Regionalt samarbeid.

Vi har også tett kommunikasjonssamarbeid mellom dei ulike RVTS, med fokus på deling

“ **Fulltreffer! Nydelig og varmt vertskap. Tydelige og gode formidlere av ypperste klasse. Svært relevant tema - som er aktuelt både for oss fagpersoner og for mannen og kvinnen i gaten!**

*Deltakar på Septemberkonferansen 2022: Traume og skam*

av aktualitetssaker, kurs og deling av erfaringar. Mykje av samarbeidet vårt dette året har vore kring RVTS sin jubileumskonferanse som vart arrangert i desember 2022. I tillegg har vi samarbeidd kring relansering av Utveier.no og lansering av nettressurs om seksualisert vald i krig og konflikt.

Det er også kommunikasjonssamarbeid mellom RVTS og NKVTS, kor vi i 2022 blant anna delte felles sak om ny samarbeidsavtale mellom NKVTS og RVTS, og kva dette vil seie for tenestene.

#### **FREDAGSFOKUS**

Ei satsing også i 2022, har vore Fredagsfokus, som vart oppretta under koronapandemien. Fredagsfokus er 45 minuttar direkte sending på Facebook, om ulike saker knytt til våre temaområde. Med Fredagsfokus ønsker vi å sette i gang diskusjon og bidra til auka kunnskap, både i tenestene og i befolkninga. Fredagsfokus har ein lett og ledig form,

som opnar opp for eit større publikum.

Vi arrangerte totalt 10 Fredagsfokus i 2022, og hadde blant anna tema som *Avvergeplikten*, *Avhør av barn* og *Utbrenthet*. I samband med krigen i Ukraina, har vi hatt to Fredagsfokus: *Snakk med barn om krig!* og *Kva treng familiar som kjem rett frå krigen?*

Deltakarane på Fredagsfokus er tilsette i kommunale og private tenester som jobbar innan helse og oppvekst.

Implementeringsgrad/effekt: Informasjonsutbytte, refleksjonsutbytte, drøftingsutbytte. Det har effekt når ei personalgruppe deltek saman, og set i gang fagdrøftingar på arbeidsplassar. Truleg fører dette til inspirasjon og engasjement.

#### **STØRRE KONFERANSAR**

Våre årlege konferansar Septemberkonferansen og

Forebyggingsforum har etablert seg godt, både regionalt og nasjonalt. Konferansane er viktige arenaer for nettverksbygging for fagfolk som møter menneske utsett for traume (septemberkonferansen) og som møter barn og unge (forebyggingsforum). Ein viktig del av kommunikasjonsarbeidet på vårparten handlar om å skape merksemd kring desse konferansane, som begge er godt besøkte kvart år. Septemberkonferansen 2022: Traume og skam hadde 500 deltakarar fysisk til stades, og om lag 30 som deltok via streaming.

Implementering/effekt: Konferansen er ein spydspiss fagleg, der enkeltpersonar eller personalgrupper deltek. Fungerer for mange som fagleg oppdatering, nettverksbygging og inspirasjon.

Forebyggingsforum 2022: Gutar og sjølv-mord hadde omlag 250 deltakarar, og 40 som deltok via streaming.

Implementering/effekt: Forebyggingsforum er en årlig, hybrid folkehelsekonferanse, med fokus på forebygging av sjølv-mord og sjølvskading blant barn og unge. Fungerer for mange som fagleg oppdatering, nettverksbygging og inspirasjon.

Forebyggingsforum vert arrangert i samarbeid med RKBU Vest.

### **UNIVERSELL UTFORMING**

Eit fokus i 2022, og fortsatt fokus i 2023, er arbeid med universell utforming på våre nettsider og digitale ressursar. Vi jobbar systematisk for at vi skal møte krava til universell utforming, og har det med i all planlegging og utvikling av digitalt materiell.

### **NETTSIDER VI DRIFTER**

#### **RVTSVEST.NO**

rvtsvest.no er vår hovudnettside. Her er kontakinformasjon, oversikt over kurs, konferansar, undervisningsprogram, aktueltssaker og digitale ressursar.

#### **LIVET PÅ TIMEPLANEN**

Livetpatimeplanen.no er for alle som ønsker meir kunnskap om forebygging av sjølv-mord og sjølvskading hos barn og unge. Ein treng ikke delta på opplæringsprogrammet Livet på timeplanen for å nytte nettsida, men det er eit lukka område for deltakarar på Livet på timeplanen tilgjengeleg. Her er undervisningsmateriell og kontakinformasjon for deltakarar på programmet.

#### **ENDRINGSAGENTER.NO**

Landingsside for det nasjonale opplæringsprogrammet Endringsagentar- om forebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vold i berørte miljøer, som vi er nasjonal prosjektleiar for.

#### **KOMMUNAL HANDLINGSPLAN OM FOREBYGGING AV SELVMORD OG SELSKADING**

Nettressuren er ein rettleiar for korleis kommunane kan utforme kommunal handlingsplan for forebygging av sjølv-mord og sjølvskading. Tilgjengeleg på [www.kommunalhandlingsplan-mal-selvmord.no](http://www.kommunalhandlingsplan-mal-selvmord.no)

#### **SEKSUELLATFERD.NO**

Seksuellatferd.no er ei ressurside for fagpersonar om sunn seksuell utvikling og handtering av bekymringsfull og skadelig seksuell atferd. *Meir om nettsida under 2.1.3.*

#### **BLI-INVOLVERT.NO**

Nettressurs om brukar- og pårørandeinvolvering for kompetansesentra. *Meir om nettsida under 1.4.*

#### **TRYGG TIL HANDLING**

Digitalt opplæringsprogram om vald og seksuelle overgrep for alle som jobbar med barn og unge. *Meir om nettsida under 2.0.6.*

#### **MENTORRADIKALISERING.NO**

Landingsside for den nasjonale mentoropplæringa om forebygging av radikaliserings mot valdeleg ekstremisme.

#### **CACTUSNETTVERK.NO**

Ressurside om komplekse traume/utviklingstraume.

#### **NØKKELTAL**

Nettsida til senteret, [www.rvtsvest.no](http://www.rvtsvest.no) hadde ca 171.000 besøk fordelt på 63.300 brukarar i 2022. Facebook-sida hadde 18.000 følgjarar ved utgangen av 2022 og rundt 2900 følgjarar på Instagram. YouTube-kanalen vår hadde 81.000 avspelingar i løpet av 2022 og totalt 1800 abonnentar.

Til saman er Fredagsfokus spelt av over 6500 gonger. Vi legg òg merke til at ei rekke personar er eksponert for Fredagsfokus-arrangementet, uavhengig av om de har valt å følge live-sendinga eller ikkje. Over 48.000 personar er eksponert for aktiviteten.

“

**Takk for viktig  
Fredagsfokus i dag!  
Me samla kollegaer,  
tok morgonkaffien  
med dykk og fekk  
gode refleksjonar  
etterpå!**

*Sjåar av Fredagsfokus*



**UNIKE  
BESØKANDE** 63.300

**SIDEBESØK** 171.000



**AVSPELINGAR  
YOUTUBE** 81.000

**FØLGARAR  
YOUTUBE** 1.800



**FØLGARAR  
FACEBOOK** 18.000



**FØLGARAR  
INSTAGRAM** 2.900

**RVTS**  
-norge

OM OSS UNDERVISNING AKTUELT DIGITALE RESSURSAR BLI-INVOLVERT.NO SEPTEMBERKONFERANSEN

Våre kurs og konferansar:

[Gå til oversikt](#)



**Undervisning**

Treng arbeidsplassen din oppdatert kunnskap? Vi tilbyr undervisning om vald og



**Konsultasjon**

Vi gir konsultasjon og rettleiing innanfor temapåråda vald og traumer, psykososial



**Tenesteutvikling**

Korleis bli betre i møte med brukarane? Gjennom formidling av kunnskap, utvikling

**RVTSVEST.NO**

På nettsida vår finn brukarane oversikt over våre kurs, konferansar, undervisningsprogram og digitale ressursar. Det vert også publisert aktuelt saker, som vert sendt i nyhetsbrev. [www.rvtsvest.no](http://www.rvtsvest.no)

**RVTS**  
Trygge fagfolk, kloke handlingar

OM OSS UNDERVISNING AKTUELT DIGITALE RESSURSAR BLI-INVOLVERT.NO SEPTEMBERKONFERANSEN



**RVTS**  
Trygge fagfolk, kloke handlingar

OM OSS UNDERVISNING AKTUELT DIGITALE RESSURSAR BLI-INVOLVERT.NO

**KOMPETANSELOFT I KOMMUNEN OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP**

19/10/2022 Av: RVTS Vest  
Kategori: Aktuelt, utvikling, Barn, Seksuelle overgrep, Vold



Kurt Helge Dahl er leder for pilotprosjekt i Kvinneråd og Ullensvang, som handlar om å auke kompetansen om vald og seksuelle overgrep mot barn. Foto: Janus Larsen, Grenås.

Kommunane Ullensvang og Kvinneråd er i gang med eit pilotprosjekt kor dei blant anna har som mål at born og unge i kommunane skal få kunnskap om vald og overgrep, og ikkje minst vite kvar dei kan få hjelp.

**RVTS**  
Trygge fagfolk, kloke handlingar

OM OSS UNDERVISNING AKTUELT DIGITALE RESSURSAR BLI-INVOLVERT.NO

**KUNNSKAPSMILJØER STYRKER SAMARBEIDET**

18/08/2022 Av: RVTS Vest Kategori: Aktuelt



**Kunnskapsmiljøene i Norge som jobber med vald og traumatisk stress styrker nå det faglige og strategiske samarbeidet. Ett av tiltakene er å etablere en norsk traumeforening; Norwegian Society for Traumatic Stress Studies.**

RVTS har gjennom årene hatt et langt og godt samarbeid med NKSST, men denne avtalen gir samarbeidet vårt en ny strategisk dimensjon, med en tydelig retning og visjon for samarbeidet og samarbeidet oss imellom. Avtalen er tydelig uttrykk for at vi ønsker å få til enda mer sammen på valds- og traumefeltet. Vi håper de tjenestene som bruker vår kunnskap vil merke et mer samlet kunnskaps- og kompetansefelt, forteller

**eksuellatferd.no**

Ressursside om sunn seksuell utvikling, og handtering av bekymringsfull og uødeleg seksuell atferd

[Gå til nettside](#)

**Cactusnettverk.no**

Nasjonalt kompetansenettverk om utviklingsstraumer

Ressursside om komplekse traume/utviklingsstraumer

[Gå til nettside](#)



[rygg til handling](#)



[Konsultasjonsteam om vald](#)



Ulriksdal helsepark  
Ulriksdal 2  
5009 Bergen

**E-post**

[rvts@helse-bergen.no](mailto:rvts@helse-bergen.no)

**Nettside**

[www.rvtsvest.no](http://www.rvtsvest.no)